

Forvaltnings- revisjonsrapport

FORVALTNING AV
NÆRINGSFOND
Skjåk kommune



Innlandet Revisjon IKS

FORORD

Denne rapporten er eit resultat av forvaltningsrevisjonen *Forvaltning av næringsfond* som er gjennomført på oppdrag av kontrollutvalet i Skjåk kommune. Revisjonsprosjektet er gjennomført i tråd med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagt oppgåve som inneber at ein fører kontroll med at den kommunale forvaltninga skjer i samsvar med gjeldande lovar, reglar og vedtak, og har ein effektiv ressursbruk i samsvar med vedteke mål. Det er kontrollutvalet som har ansvaret for å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon, jf kommuneloven § 23-2 c.

Prosjektarbeidet er utført i perioden oktober 2019 til januar 2020 av oppdragsansvarleg revisor Ingvild Selfors. Dagleg leiar Bjørg Hagen har kvalitetssikra rapporten. Revisjonen har vurdert sin uavhengigheit overfor Skjåk kommune, jf kommuneloven § 24-4 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 19. Vi kjenner ikkje til forhold som er eigna til å svekke vår uavhengigheit og objektivitet.

Eit utkast til rapport er sendt på høyring til rådmannen. Svaret frå rådmannen er vedlagt rapporten.

Vi takker for godt samarbeid med tilsette i kommunen som vi har hatt kontakt med i prosjektarbeidet.

Lillehammer, januar 2020

Ingvild Selfors
Oppdragsansvarleg revisor

INNHALDSLISTE

FORORD.....	2
INNHALDSLISTE	3
SAMANDRAG MED KONKLUSJONAR OG TILRÅDINGAR.....	4
1. INNLEIING.....	6
1.1 KONTROLLUTVALET SI BESTILLING.....	6
1.2 FORMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR	6
1.3 OM NÆRINGSFONDET I SKJÅK.....	7
2. METODE	8
3. UTEIING AV REVISJONSKRITERIUM	10
3.1 OVERORDNA STATLEGE KRAV	10
3.2 KOMMUNALE VEDTEKTER FOR NÆRINGSFONDET	13
3.3 KONKRETE REVISJONSKRITERIUM TIL PROBLEMSTILLING 1.....	16
3.4 KONKRETE REVISJONSKRITERIUM TIL PROBLEMSTILLING 2.....	16
3.5 KONKRETE REVISJONSKRITERIUM TIL PROBLEMSTILLING 3.....	16
4. ER OVERORDNA REGELVERK FØLGTT?	17
4.1 REVISJONSKRITERIUM	17
4.2 DATA	17
4.3 VURDERINGAR.....	18
5. ER BRUKEN AV NÆRINGSFONDET I TRÅD MED FORMÅL OG VILKÅR GITT I VEDTEKTENE?	19
5.1 REVISJONSKRITERIUM	19
5.2 RUTINAR VED BEHANDLING AV SAKER OM STØTTE FRÅ NÆRINGSFONDET	19
5.3 KVA GÅR MIDLANE FRÅ NÆRINGSFONDET TIL?.....	19
5.4 VURDERING AV BRUKEN AV FONDSMIDLAR SOM IKKJE GÅR TIL VERKSEMDER ELLER LANDBRUKET	28
5.5 BRUKEN AV FONDSMIDLAR SOM GÅR TIL VERKSEMDER OG LANDBRUK	30
6. ER UTBETALINGAR I TRÅD MED VEDTAK?	36
6.1 REVISJONSKRITERIUM	36
6.2 DATA	36
6.3 VURDERINGAR.....	37
7. KONKLUSJONAR OG TILRÅDINGAR	38
REFERANSAR.....	40
VEDLEGG 1 HØYRINGSUTTALE FRÅ RÅDMANNEN.....	41
VEDLEGG 2 SPESIFIKASJON AV LØYVINGAR I KATEGORiar	43

SAMANDRAG MED KONKLUSJONAR OG TILRÅDINGAR

Skjåk kommune sitt næringsfond er eit bunde disposisjonsfond som i hovudsak består av inntekter frå konsesjonsavgifter frå vasskraftreguleringar i kommunens vassdrag. Slike fond blir òg kalla «kraftfond».

Kontrollutvalet i Skjåk har hatt næringsutvikling som prioritert tema for forvaltningsrevisjon og bestilte våren 2019 ein forvaltningsrevisjon om bruken av næringsfondet i Skjåk. Målet med prosjektet har vore å undersøkje om Skjåk kommune forvaltar næringsfondet i samsvar med retningslinene.

Revisjonen har gjennomført forvaltningsrevisjonen i tråd med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon, som inneber at våre vurderingar er gjort med grunnlag i utarbeidde revisjonskriterium. Vi har brukt ein kombinasjon av dokumentanalyse og intervju i datainnsamlinga.

Nedanfor tek vi opp att problemstillingane og gir eit samandrag av revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar:

Den overordna problemstillinga i denne forvaltningsrevisjonen er;

Er forvaltninga av næringsfondet i Skjåk i tråd med regelverk og kommunale retningslinjer?

Revisjonen meiner at svaret på dei tre delproblemstillingane gir tilstrekkeleg konklusjon på den overordna problemstillinga.

Delproblemstilling 1:

Er næringsfondsvedtektene i tråd med overordna regelverk?

Konklusjon:

Skjåk kommune sine vedtekter for næringsfondet er i tråd med overordna regelverk.

Overordna krav til kommunale næringsfond eller kraftfond er gitt i vassdragsreguleringsloven og EØS-regelverk om offentlig støtte. Vedtektene inneheld bindingar for bruken av fondsmidlar i samsvar med loven og EØS-regelverket.

Vedtektene for næringsfondet vart sist endra hausten 2016. Vassdragsreguleringsloven hadde ein omfattande revisjon i 2016/2017, som også omfatta lovgjevinga om kraftfond, der blant anna kravet om offentlege godkjente vedtekter vart oppheva. Dette inneber at dei statlege standardvedtektene ikkje lenger er gyldige, og at Skjåk kommune sine vedtekter ikkje lenger er bunde av desse.

Delproblemstilling 2:

Er bruken av næringsfondet i tråd med formål og vilkår gitt i vedtektene?

Konklusjon:

Skjåk kommune sin bruk av næringsfondet er i stor grad i tråd med formålet gitt i vedtektene. Bruken av næringsfondet er ikke fullt ut i tråd med alle vilkår gitt i vedtektene. Dette gjelder spesielt vilkåret om å ikke nytte fondsmidler til kommunal drift.

Vedtektene seier at næringsfondet i første rekke skal nyttast til næringsformål som kan auke og trygge busetnaden i Skjåk. Den direkte støtta til verksemdar og landbruket ligg innafor formålet, men utgjør berre mellom 20%-30% av den totale bruken av fondsmidlane. Bruken av fondsmidlane som *ikkje* går til direkte løyvingar til verksemdar og landbruk er, etter revisjonen si vurdering, i stor grad nytta til næringsformål. Revisjonen vurderer at fleire løyvingar som gjeld finansiering av kommunale driftsoppgåver ikkje har eit tydeleg næringsformål. Dette gjeld for eksempel drift og løn av heile landbrukskontoret, og løn til informasjonsmedarbeidarar. Vi har også vurdert at nokre løyvingar ikkje ligg innafor formålet, slik som finansiering av utforming av kommuneplan og digitalisering av plankart.

Når det gjeld vilkåret om å ikkje nytte fondsmidler til kommunal drift, med unntak av løn til næringssjefen, finn revisjonen at kommunen sin praksis ikkje er i tråd med dette. Bruken av fondsmidler til kommunale driftsoppgåver er ikkje redusert i perioden 2016-2019.

Vidare har revisjonen funne nokre få saker om tilskot til verksemdar der vi ser manglar i forhold til krav i vedtektene. Dette gjeld spesielt etablerartilskot.

Delproblemstilling 3:

Er utbetalingar i tråd med vedtak?

Konklusjon:

Utbetalinger som gjeld tilskot frå næringsfondet til verksemdar og landbruk er i tråd med løyvingane gitt i dei tilhøyrande vedtaka.

Revisjonen har funne at alle utbetalingane vi har gjennomgått er gjennomført etter at det er motteke attestert rekneskap og med riktig beløp. Når det gjeld etablerartilskot er imidlertid praksis ikkje fullt ut i tråd med vedtektene. Heile løyvinga blir utbetalt første år, mens vedtektene seier at utmålingsprofilen er 60% første år og 20% andre og tredje år.

Revisjonen sine tilrådingar:

Revisjonen tilrår at kommunen går igjennom vedtektene for næringsfondet sett i lys av endringar i vassdragsreguleringsloven og dei avvika i forhold til vedtektene som denne forvaltningsrevisjonen omtalar.

1. INNLEIING

1.1 KONTROLLUTVALET SI BESTILLING

Kontrollutvalet vedtok følgjande i sak 02/2019, den 14.3.2019:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon om næringsfondet i Skjåk kommune.
2. Utførande revisor er Innlandet Revisjon IKS.

Næringsutvikling – forvaltning av næringsfond - er eit prioritert tema i plan for forvaltningsrevisjon for perioden.

Innlandet Revisjon IKS utarbeidde ein prosjektplan som vart lagt fram for kontrollutvalet den 15.10.19.

1.2 FORMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR

Målet med revisjonsprosjektet er å undersøkje om Skjåk kommune forvaltar næringsfondet i samsvar med retningslinene.

Det vart formulert følgjande problemstillingar i prosjektplanen:

Er forvaltninga av næringsfondet i Skjåk i tråd med regelverk og kommunale retningsliner?

- a) *Er næringsfondvedtektene i tråd med overordna regelverk?*
- b) *Er bruken av næringsfondet i tråd med formål og vilkår gitt i vedtektene?*
- c) *Er utbetalingar i tråd med vedtak?*

I den fyrste delproblemstillinga undersøker vi om dei kommunale vedtektene er i tråd med føringar gitt i overordna regelverk.

I den andre delproblemstillinga ser vi på bruken av fondsmidlar i perioden 2016-2019. Vi kartlegg kva fondsmidlane går til og vurderer bruken opp mot vedtektene. Vi har plukka ut eit utval av tilskotsaker i perioden som vi ser nærare på.

I den siste delproblemstillinga ser vi på eit utval konkrete utbetalingar og kontrollerer desse opp mot vedtektene og dei opphavlege vedtaka om tildeling av støtte.

1.3 OM NÆRINGSFONDET I SKJÅK

Skjåk kommune sitt næringsfond er eit bunde disposisjonsfond som i hovudsak består av inntekter frå konsesjonsavgifter frå vasskraftreguleringar i kommunens vassdrag. Slike fond blir og kalla «kraftfond».

I følge § 14 første ledd i «lov om regulering og kraftutbygging i vassdrag» (vassdragsreguleringsloven), er eit vilkår ved tildeling av konsesjon at konsesjonæren skal betale ein årlig avgift til staten og dei kommunane og fylkeskommunane som Kongen bestemmer. Vidare følgjer det av sjette ledd at avgifta til kommunane skal avsetjast til eit særskilt fond, som skal nyttast etter vedtak frå kommunestyret.

Konsesjonsavgifter er ein kompensasjon til kommunar (og staten) for skader og ulemper av allmenn karakter som følger av utbygging/regulering av vassdrag. I tillegg er konsesjonsavgiftene meint å gi kommunane ein del av verdiskapinga som utbygginga/reguleringane gir.

Fram til og med 2017 var det eit lovkrav at kommunar med kraftfond skulle ha offentleg godkjente vedtekter for bruken av fondet. I samband med revisjonen av vassdragsreguleringsloven i 2016/2017 vart kravet om vedtekter og godkjenningsordninga oppheva.

I Skjåk er næringsfondet administrert av næringsavdelinga som er leia av nærings- og utviklingssjefen.

Pr. 1.1.19 var sum næringsfondsmidlar kr 13 385 296,-. Fondsmidlane er bygd opp av tre delar;

Grunnfond	3 321 264,-
Ledige fondsmidlar	7 443 945,-
Disponerte fondsmidlar	2 620 087,-

Ledige fondsmidlar er dei fondsmidlane som kan nyttast til nye tilskot gjennom året, og utgjer innbetalte konsesjonsavgifter året før (i 2018). Disponerte fondsmidlar er tidlegare løyvingar som enda ikkje er utbetalt. I 2015 fatta kommunestyret vedtak¹ om at ubrukte midlar ved årets slutt skulle avsetjast til eit grunnfond/bufferfond. Argumentet for å opprette ein slik buffer var å stille kommunen i ein betre posisjon til å finansiere eventuelle større bedriftsetableringar.

¹ I K-sak 057/15.

2. METODE

Prosjektet er gjennomført i samsvar med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon, som er gjeldande som god kommunal revisjonsskikk, fastsett av Norges kommunerevisorforbund (NKRF). Innlandet Revisjon IKS har eit internt kvalitetssikringssystem som følgjer krav i RSK 001.

Revisjonen varsla oppstart av forvaltningsrevisjonen i brev av 13.9.2019 og hadde oppstartmøte med kommunen den 29.9.2019, der nærings- og utviklingssjef Eli Johanne Lundemo, og næringskonsulent Marianne Stensgård var til stades frå kommunen. Eit referat frå oppstartmøtet vart sendt møtedeltakarane for verifisering.

Vi har nytta ein kombinasjon av dokumentanalyse og intervju i datainnsamlinga. I dokumentanalysen har vi konsentrert oss om perioden 2016-2019. Dei gjeldande næringsfondsvedtektene vart revidert hausten 2016. Det har likevel vore naudsynt å sjå på bruken før vedtektene vart endra, då endeleg utbetaling frå fondet i utgangspunktet skjer tre år etter at søknaden er godkjent.

Skjåk kommune har ein eldre næringsplan som gjaldt for perioden 2011-2014. Planen er ikkje oppdatert og revisjonen har derfor ikkje sett på denne i dokumentanalysen.

Vi har gått igjennom note 30 i rekneskapen for Skjåk kommune for rekneskapsåra 2016, 2017, og 2018. Vi har også fått ei oversikt frå 2019, men her er berre løyvingane med, ikkje dei faktiske utbetalingane. Note 30 omhandlar næringsfondet og gir ei oversikt over balanseverdiar pr 1.1 og 31.12, samt avsetjing og bruk gjennom året. Ut i frå desse oversiktene har vi gått nærare inn og undersøkt bakgrunnen for ulike disponeringar. I tillegg har vi plukka ut 4-5 søknader pr år som vi har gått grundigare inn i og sett på saksbehandling, vedtak og utbetaling. Vi har variert utplukket med omsyn til størrelse på beløp og type søknad.

Det er gjennomført intervju med følgjande personar:

- Eli Johanne Lundemo, nærings- og utviklingssjef (i oppstartmøtet)
- Elias Sperstad, ordførar i perioden 2015-2019
- Sevald Sperstad, leiar i miljø- og næringsutvalet i perioden 2015-2019

I tillegg har vi fått informasjon frå næringskonsulent Marianne Stensgård. Det vart vurdert at dei nyvalde politikarane ikkje var aktuelle til å gje informasjon om bruken av næringsfondet i førre periode. Kommunedirektøren vart tilsett i kommunen i mai 2019, og har såleis liten erfaring med bruken av næringsfondet i det aktuelle tidsrommet.

Utkast til rapport er sendt kommunedirektøren for kommentarar. Høringssvaret er tatt inn i rapporten som vedlegg 1.

Data som er samla inn skal vera *relevante og pålitelege*. Relevante data betyr at undersøkinga representerer den verkelege situasjonen. Vi meiner data som er samla inn i denne undersøkinga er

eigna til å svare på problemstillingane. Det er likevel viktig å vera oppmerksam på at dei opplysningane som kjem fram i rapporten nødvendigvis er eit utval av fakta.

Dei to politikarane som er intervjuar høyrde til posisjonen i kommunestyret. Det kan argumenterast for at det ville gi eit meir balansert syn dersom opposisjonspolitikarar også fekk kome til orde. Revisjonen har gått igjennom alle vedtak som omhandlar næringsfondet fatta i miljø- og næringsutvalet, formannskapet og kommunestyret i perioden 2018 og 2019, og med eitt unntak var alle vedtak samrøystes. Ved eitt tilfelle i miljø- og næringsutvalet var det ei stemme i mot. Revisjonen meiner derfor at samtalene med ordføraren og leiar i miljø- og næringsutvalet reflekterer politikarane sitt syn på bruken av næringsfondet.

Med *pålitelege* data meiner vi at data skal være mest mogleg presise og nøyaktige. Dette meiner revisjonen er ivareteke ved verifisering av intervjureferat og ved å hente inn uttale frå rådmannen på utkast til rapport.

3. UTLEIING AV REVISJONSKRITERIUM

Med kjelder til revisjonskriterium meiner vi dei lovene, forskriftene, retningslinene, kommunale vedtak, faglege standardar, mm, som seier noko om korleis den kommunale verksemda skal drivast innafor det området vi ser på. Vi nyttar kjeldene til å utleiare konkrete revisjonskriterium. Formålet med revisjonskriteria er å sette opp autoritative² standardar som kommunen sin praksis kan målast opp mot, og som er grunnlaget for revisjonen sine vurderingar.

Målet med revisjonsprosjektet er å undersøkje om Skjåk kommune forvaltar næringsfondet i tråd med retningslinene. Første delproblemstilling er om vedtektene er i samsvar med overordna regelverk og den andre delproblemstillinga er om bruken av næringsfondet er i tråd med vedtektene. Vi må derfor ha både overordna krav til bruken av næringsfond og dei kommunale vedtektene som kjelder til revisjonskriterium. I den siste delproblemstillinga skal vi vurdere om dei faktiske utbetalingane samsvarer med vedtaka. Her vil dei tilhøyrande vedtaka utgjera revisjonskriterium i tillegg til vedtektene.

Vi har sett opp følgjande kjelder til revisjonskriterium for våre problemstillingar:

Vassdragsreguleringsloven med forarbeid

EØS-direktiv om offentleg støtte

Vedtekter for næringsfondet i Skjåk kommune

Kommunale vedtak om støtte frå næringsfondet i eit utval saker

Vi går fyrst gjennom dei ulike kjeldene og utleiar deretter konkrete revisjonskriterium.

3.1 OVERORDNA STATLEGE KRAV

3.1.1 VASSDRAGSREGULERINGSLOVEN

Som nemnt i kapittel 1.3 fastset vassdragsreguleringsloven § 14 sjette ledd at kommunen sine inntekter i form av konsesjonsavgifter skal avsetjast til eit særskilt fond, som skal nyttast etter vedtak frå kommunestyret. I same paragraf og ledd står det vidare at fondet sine midlar fortrinnsvis skal nyttast til utbygging av næringslivet i distriktet.

Lovteksta seier at *kommunestyret* skal vedta bruken av fondsmidlane. I lovkommentar til kommuneloven ³ går det fram at det rettslege utgangspunktet for kommunestyret si avgjerdsmyndigheit er at kommunestyret etter eige skjønn kan delegere myndigheita til andre politiske organ, med mindre loven spesifiserer at det er kommunestyret «sjølv» som skal treffe avgjerda⁴. I

² Autoritativ: toneangivande, med myndigheit/autoritet.

³ Kommuneloven § 8 tredje ledd, note 45.

⁴ Revisjonen meiner vi kan sjå til kommuneloven her, sidan det er kommuneloven som definerer kommunestyret si rolle og ansvar.

vassdragsreguleringsloven § 14 er det ikkje slik spesifikasjon og vi tolkar at kommunestyret kan delegere vedtak om bruken av næringsfondet til underliggende politiske organ. Likeeins gjeld at kommunestyret kan delegere avgjerder i enkeltsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell betydning til administrasjonssjefen⁵.

Vassdragsreguleringsloven vart fyrste gong vedteke i 1917. Betrakningar som vart lagt til grunn i lovgivinga var at landet sine naturrikdommar burde komme heile samfunnet til gode, og at dei såkalla konsesjonslovene⁶ skulle vera ein regulerande faktor i næringspolitikken si teneste. Loven, saman med industrikonsesjonsloven av same dato, opna for større moglegheiter til å ivareta staten og samfunnet sine interesser ved behandling av erverv- og reguleringskonsesjonar, og det vart blant anna lovefesta ei rekke obligatoriske vilkår for konsesjon.

I lovteksta frå 1917 som omhandla konsesjonsavgiftsfond vart det ikkje gitt føringar for korleis kommunane skulle nytte fondsmidlane, trass i at dette var tilfelle i lovgivinga fram til da⁷. Temaet vart seinare drøfta i fleire omgangar, og i forarbeida til lovrevisjonen av 1959, som bygger på Schjødt-komiteens innstilling, er problemstillinga på ny oppe til drøfting. Både Schjødt-komiteen og Industridepartementet meinte at loven burde gi vilkår for bruken av fondet som i nokon grad la band på kommunane. Argumenta var at kommunane som fekk konsesjonsavgifter for ein vesentleg del var kommunar med eit lite utvikla næringsliv og eit tilsvarande stort behov for kommunale midlar til å kunne legge tilhøva til rette for ei slik utbygging. I tillegg måtte ein ta omsyn til dei ulempene som vasskraftreguleringane kunne føre med seg, f.eks i form av å svekke eit turistdistrikt i utvikling. Ved lovrevisjonen av 1959 vart det difor lagt inn ei binding på bruken av fondsmidlane: *Fylkestinget eller kommunestyret bør fortrinnsvis anvende fondet til utbygging av næringslivet i distriktet*. I innstillinga frå skog-, vassdrags-, og industrikomiteen står det at *komiteen forutsetter også at det ved bruk av disse midler, f-eks ved utbygging av næringslivet, under ellers like omstendigheter, tas hensyn til de deler av kommunen som direkte er blitt berørt av reguleringen*.

Ved neste lovrevisjon, på slutten av 60-talet, vart lovføresegna ytterlegare skjerpa ved at ein innførte krav om statleg godkjente vedtekter for bruken av konsesjonsavgiftsfonda. Dette vart gjort for å sikre at avgiftsmidlane vart nytta på ein tilfredsstillande måte, da ein hadde sett fleire eksempel på at kommunane ikkje alltid forvalta midlane i tråd med loven si oppmøding.

Lovteksta om dei kommunale konsesjonsavgiftsfonda stod deretter så og si uendra fram til revisjonen i 2016/2017⁸, da kravet om vedtekter og statleg godkjenningsordning vart oppheva. Dette var, i følge høyringsnotatet frå Olje- og energidepartementet, i tråd med føringar gitt i forarbeida til ny

⁵ Kommuneloven § 23 fjerde ledd. Kva som er av prinsipiell betydning må vurderast i kvart tilfelle ut i frå saken sin karakter, konsekvens, tidlegare praksis, osv.

⁶ Konsesjonslovene er eit samleomgrep for dei lovene som krev administrativ godkjenning for å erverve eller rå over fast eigedom.

⁷ Reguleringsloven av 1911, som vassdragsreguleringsloven bygger på, inneheldt føresegn om bruken av fondet. Fondet skulle brukast til å erstatte, førebygge og hjelpe mot tap, skade eller ulempe eller andre uføresette uheldige følgjer eller verknader av reguleringa. Denne formuleringa blei tatt ut av lovteksta i 1917.

⁸ I innstillinga frå skog-, vassdrags-, og industrikomiteen i 1959 står det *bør fortrinnsvis*, men i lovteksta i dag står det *skal fortrinnsvis*. Revisjonen har ikkje funne tidspunktet for når denne endringa vart gjort.

kommunelov på byrjinga av 1990-talet⁹. Departementet sitt syn var at statlege godkjenningsordningar er ein utdatert praksis og at slike kontrollordningar bør reserverast til sentrale og viktige styringsbehov, noko som ikkje er tilfelle med konsesjonsavgiftsfond. Vidare seier departementet at økonomiføresegnene i kommuneloven sikrar at konsesjonsavgiftene blir brukt til næringsformål, i og med at slik bunden inntekt berre kan nyttast i samsvar med dei bindingane som er gitt.

Ved å gå igjennom lovgjevinga på området i eit historisk perspektiv ser vi altså at bindinga om å bruke konsesjonsfondet til utvikling av næringslivet har vore lovfesta sidan 1959. Ordlyden er at fondsmidlane *fortrinnsvis skal* brukast til utvikling av næringslivet i distriktet. Eit *skal*-vilkår er sterkare enn *bør/kan*-vilkår, der den fyrste krev at kommunane lojalt følgjer opp dei statlege ønskjemåla. Dersom *bør* eller *kan* er nytta i ordlyden er det i større grad opp til kommunane sjølve å finne ut om tiltaket er fornuftig og/eller naudsynt. I dette tilfellet er ordet *fortrinnsvis* lagt til saman med *skal*, som gjer at *skal* ikkje blir eit absolutt krav. Andre synonym for ordet *fortrinnsvis* er i følgje ordboka *helst, fyrst og fremst*. Revisjonen tolkar ordlyden *skal fortrinnsvis* som svakare enn *skal*, men sterkare enn *kan/bør*. Vi ser også i forarbeida til lovrevisjonen i 1959 at lovgivarane meinte at loven *i nokon grad* burde legge band på kommunane. Samtidig ser vi i høyringsnotatet til lovrevisjonen av 2016/2107 at olje- og energidepartementet oppgir næringsutvikling som eit bindande krav til bruken av fondsmidlane. Så lenge ordet *fortrinnsvis* er lagt til i ordlyden meiner revisjonen at ein likevel ikkje kan konkludere med at næringsutvikling er eit absolutt krav til bruken av fondsmidlane. Det er heller ikkje lagt opp til sanksjonar dersom formålet ikkje er følgt. At målsettinga er å nytte fondsmidlane til næringsformål er det ingen tvil om, men dersom midlane ikkje fullt ut kan nyttast til næringsutvikling, gir loven ein moglegheit til å bruke midlar på andre formål.

Kva som ligg i omgrepet næringsutvikling seier forarbeida til loven lite om. I arbeidet med lovrevisjonen på slutten av 1960-talet¹⁰ finn vi ei tolking av uttrykket *utvikling av næringslivet* til å inkludere kommunale formål som har betydning for utbygging av næringslivet. Dette gjeld i fyrste rekke tiltak frå kommunen si side i samband med tilrettelegging av areal for industri- og anna næringsutbygging gjennom investering i vegar, vassforsyning, kloakk, elektrisitet, osb. Eit rådande syn er at midlane skal nyttast til allmenne formål, altså til formål som kjem fellesskapet til nytte.

3.1.2 REGELVERK OM OFFENTLEG STØTTE

Kraftfond skal forvaltast i tråd med regelverket om offentlig støtte. Dette regelverket dannar ei ramme for kommunen sitt handlingsrom. EØS-avtalen sin artikkel 61 forbyr som hovudregel offentlig støtte til næringslivet. Forbudet gjeld offentlege tiltak som direkte eller indirekte gir økonomiske fordelar til bestemte bedrifter, grupper av bedrifter, visse sektorar, eller geografiske område.

Kommunen står i utgangspunktet fritt til å bestemme størrelsen på støtte i form av næringsfondsmidlar, men dersom eit tiltak kjem inn under definisjonen av offentlig støtte må kommunen notisere støtta til EFTA sitt overvaksingsorgan.

⁹ NOU 1990:13 Forslag til ny lov om kommuner og fylkeskommuner, og Ot.prp. nr 42 (1991-92).

¹⁰ Ot.prop. nr 69 (1966-1967) Om forslag til lov om endringar i konsesjonslovgivinga.

Støttebeløp til enkeltaktører som ikkje overstig 200.000 euro, fordelt over tre rekneskapsår, er rekna som bagatellmessig støtte. Bagatellmessig støtte er ikkje ulovleg offentleg støtte.

Grensa for bagatellmessig støtte gjeld totalt for all offentleg støtte, dersom ei bedrift får støtte frå fleire offentlege aktører.

3.2 KOMMUNALE VEDTEKTER FOR NÆRINGSFONDET

Skjåk kommune har utarbeidd eigne vedtekter for bruken av næringsfondet. Vedtektene vart sist revidert hausten 2016. Det vart også gjort ein mindre revisjon vinteren 2018/2019, men denne førte berre til små justeringar. Vedtektene er delt inn i tre delar. Fyrste del inneheld vedtekter i ni paragrafar, andre del beskriv utfyllande kommentarar om vilkår for støtte, og tredje del gir særskilte reglar for støtte til landbruket.

Fyrste del

I *paragraf 2* i vedtektene er formålet med næringsfondet oppgitt. Fondsmidlane skal i fyrste rekke nyttast til næringsformål som kan auke og trygge busetnaden i Skjåk.

Vedtektene spesifiserer deretter korleis midlane kan nyttast innafor formålet:

- tilskot til verksemder (som ligg i Skjåk)
- kommunalt tiltaksarbeid
- grunnlagsinvesteringar
- bedriftsutvikling
- omdømmearbeid
- kommunale fellestiltak

Det er ikkje gitt nokon omtale av dei ulike støtteformene i vedtektene. Revisjonen legg til grunn slik definisjon av dei ulike uttrykka:

Tilskot til verksemder er ei finansiell overføring frå kommunen til verksemder, der utbetalinga ikkje gjeld eit kommunalt innkjøp. Tilskotet er eit verkemiddel for å skape verdier, som ein ikkje kan forvente blir realisert utan tilskotet¹¹.

Kommunalt tiltaksarbeid er å legge tilhøva fysisk til rette for lokal næringsaktivitet, å hjelpe fram det lokale næringslivet på andre måtar, samt gjennomføre aktivitetar med sikte på ny og utvida næringsverksemd.

Grunnlagsinvesteringar er kommunale investeringar i infrastruktur, dvs investering i faste, viktige anlegg, som dannar grunnlag for vidare utbygging av industri, bustader, osb.

¹¹ Regjeringen.no, om statlege tilskotsordningar.

Bedriftsutvikling er tiltak/rådgjeving for å drive verksemder betre, og styrke konkurransekrafta. Til dømes kompetanseheving, produktutvikling, marknadsføring.

Omdømmearbeid er arbeid for å profilere kommunen, framheve kvalitetane kommunen har og bygge merkevara Skjåk kommune. Dette for å gjere kommunen attraktiv for næringsliv og innbyggjarar, auke tilflytting og skape arbeidsplassar.

Kommunale fellestiltak er tiltak som kjem alle innfor ei gruppe til gode, f. eks skogbruket, barn og unge, eldre, osb.

Vedtektene slår vidare fast at fondet som hovudregel ikkje skal nyttast til drift av verksemder eller kommunen. Eitt unntak er løn til næringskonsulent/-sjef. Av dei seks støtteformene kan omdømmearbeid komme i konflikt med denne regelen, da ein kan tenke seg at kommunen tilset personar til å drive omdømmearbeid.

Paragraf 4 omhandlar reglar om offentleg støtte, og seier at støtte frå næringsfondet og anna offentleg støtte må, for kvar einskild bedrift, samla ikkje overskride maksimalgrensa for «bagatellmessig støtte» etter EØS-regelverket.

I *paragraf 5* blir vilkår for støtte omtala nærare. Samla finansiering frå fondet til private næringstiltak skal ikkje overstige 20% av det totale kapitalbehovet for eit prosjekt, avgrensa til kr 650 000,- over ei 5 års periode (etableringsfasen). Dersom eit prosjekt har særleg samfunnsverdi eller blir set i gang i samband med etablering av ny verksemd, kan ein gi inntil 30% finansiering.

Bedrifter som har fått tilskot over ein 5- års periode og som søker på nytt, kan som hovudregel få nytt tilskot på maksimalt kr 350.000,- over ein ny 5- års periode.

Samla offentleg støtte til eit prosjekt, inkl. støtte frå andre offentlege instansar, skal ikkje overskride maksimalsatsane for støtte frå næringsfondet. Ved særleg kostnadskrevjande tiltak med utsikt til mange arbeidsplassar eller særleg samfunnsnytte, kan maksimalsatsane aukast.

Paragraf 6 omhandlar eit eige etablerarstipend. Nyetablerarar kan etter søknad få eit etablerarstipend på inntil kr 100.000,-. Stipendet er gradert ut frå forventa sysselsettingseffekt. Forventa sysselsetting på eitt årsverk gir fullt stipend på kr 100.000,-. Det er eit krav at verksemda er i drift i kommunen i minst tre år. Tilskotet blir fordelt med 60% første år og 20% andre og tredje år. Mottakaren skal rapportere på bruken etter tre år. Det krevst konkret og realistisk organisasjons- og forretningsplan og etablerarkurs eller liknande som grunnlag for å få utbetalt støtte.

Paragraf 7 Fondsstyre. Alle innkomne søknader skal behandlast i eit fondsstyre etter beløpsgrenser;

250.001 kr og over	Kommunestyret
100.001 – 250.000 kr	Formannskapet
10.000 – 100.000 kr	Miljø- og næringsutvalet
0 – 10.000 kr	Administrasjonssjefen

Paragraf 8 Forvaltning. Det skal leggjast fram årsmelding om verksemda til fondet kvart år til kommunestyret. Renteavkastninga skal attendeførast til fondet.

Andre del:

I denne delen er vilkår for å få støtte presisert ytterlegare. Ei oppsummering av desse er:

- Andre offentlege støtteformer, til dømes frå Innovasjon Norge og BU-ordninga, skal vera prøvd før søknad til næringsfondet.
- Næringsfondet kan gi støtte til kompetanseheving innan relevant fagområde.
- Næringsfondet kan gi støtte til spesialisert produksjonsutstyr, slik som spesialprogramvare i IKT-bedrifter.
- Næringsfondet gir ikkje støtte til driftsutgifter, byggearbeider i eigen bustad, eller kostnader som ikkje gir direkte sysselsettingseffekt.

I andre del er det også set opp krav til utforming av søknaden og utbetaling av tilskot:

Søknaden skal innehalde:

- Framdriftsplan.
- Forklaring av innhaldet i prosjektet.
- Oversikt over forventa sysselsettingseffekt.
- Kostnadsoverslag med grunngjeving av store postar.
- Finansieringsplan med same sluttsum som kostnadsoverslaget.
- Opplysningar om eventuelle andre offentlege instansar det blir søkt om tilskot frå til same prosjekt.
- Oversikt over motteke offentleg støtte dei siste 5 åra.
- Timesatsen for eige arbeid er kr 250,-. Eigeninnsatsen skal ikkje overstige 20% av prosjektkostnadane.

Krav til utbetaling:

- Sluttutbetaling av tilskot skjer fyrst etter at kommunen har motteke attestert sluttrekneskap. Eigeninnsatsen skal gå fram av rekneskapen.
- Eit prosjekt skal vera avslutta innan 3 år frå dato for løyvingsvedtaket for at tilskot skal utbetalast. Ikkje utbetalt tilskot innan desse tre åra blir automatisk attendeført til fondet.
- Tiltakshavar kan be om ei delutbetaling dersom tilskotet er over 30.000,-. Delutbetalinga følgjer framdrifta i prosjektet, dvs 50% utbetaling ved 50% fullføring.

Tredje del:

Den siste delen gir særskilte reglar for tildeling av tilskot til landbruket;

- Reglar for tildeling av kommunalt tilskot til vatningsanlegg.
- Reglar for tildeling av kommunalt tilskot til nydyrking av jordbruksareal.
- Bruk av kommunalt næringsfond til finansiering av driftsbygningar.
- Reglar for kommunalt tilskot til bygging av skogsvegar.
- Reglar for kommunalt tilskot til avverking.
- Tilskot til drift i mellomvanskeleg terreng.

3.3 KONKRETE REVISJONSKRITERIUM TIL PROBLEMSTILLING 1

Med grunnlag i gjennomgangen i kapittel 3.1 ovanfor har vi utleda følgjande revisjonskriterium til problemstilling 1:

1. Kommunen sine inntekter i form av konsesjonsavgifter skal avsetjast til eit særskilt fond som skal nyttast etter vedtak frå kommunestyret. Kommunestyret kan delegere vedtaksmyndigheita til andre politiske organ eller, i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, til administrasjonssjefen.
2. Fondsmidlane skal fortrinnsvis nyttast til utbygging av næringslivet i distriktet. Ledige midlar kan nyttast til andre formål som kjem fellesskapet til gode.
3. Næringsfondet skal forvaltast i tråd med regelverket om offentleg støtte.

3.4 KONKRETE REVISJONSKRITERIUM TIL PROBLEMSTILLING 2

Med grunnlag i gjennomgangen i kapittel 3.2 ovanfor har vi utleda følgjande revisjonskriterium til problemstilling 2:

1. Næringsfondet skal i fyrste rekke nyttast til næringsformål som kan auke og trygge busetnaden i Skjåk. Støtteformer som kan nyttast innafor formålet er; tilskot til verksemdar og landbruk i Skjåk, kommunalt tiltaksarbeid, grunnlagsinvesteringar, bedriftsutvikling, omdømmearbeid, og kommunale fellestiltak.

Krav til størrelse på støttebeløp, krav til innhald i søknaden, krav til utbetaling, krav til fondsstyre og moglegheit til støtte til driftskostnader går fram av kapittel 3.2.

3.5 KONKRETE REVISJONSKRITERIUM TIL PROBLEMSTILLING 3

Med grunnlag i gjennomgangen i kapittel 3.2 ovanfor har vi utleda følgjande revisjonskriterium til problemstilling 3:

1. Sluttutbetaling av tilskot skjer fyrst etter at kommunen har motteke attestert sluttrekneskap.
2. Sluttutbetalinga skal samsvare med vedteke støttebeløp. For etablerarstipend er utmålingsprofilen 60% fyrste år og 20% andre og tredje år.
3. I saker der tilskotet kjem over kr 30.000,- kan tiltakshavar be om ei delutbetaling som er i samsvar med prosentvis fullføringsgrad.

4. ER OVERORDNA REGELVERK FØLGTT?

I dette kapitlet svarer vi på delproblemstilling 1, om Skjåk kommune sine vedtekter for næringsfondet er i tråd med føringar i overordna regelverk.

4.1 REVISJONSKRITERIUM

- 1. Kommunen sine inntekter i form av konsesjonsavgifter skal avsetjast til eit særskilt fond som skal nyttast etter vedtak frå kommunestyret. Kommunestyret kan delegere vedtaksmyndigheita til andre politiske organ eller, i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, til administrasjonssjefen.*
- 2. Fondsmidlane skal fortrinnsvis nyttast til utbygging av næringslivet i distriktet. Ledige midlar kan nyttast til andre formål som kjem fellesskapet til gode.*
- 3. Næringsfondet skal forvaltest i tråd med regelverket om offentleg støtte.*

4.2 DATA

Skjåk kommune sitt næringsfond består av konsesjonsavgifter frå reguleringar i Tafjordvassdraget og Ottadalsvassdraget. I tillegg kjem renteinntekter og inntekter frå sal av bygdebok, t-skjorter og andre effektar. Inntektene blir inntektsført på eit bunde driftsfond. Det blir gitt ei spesifisert oversikt over balanseverdiar og bevegelser på fondet i note 30 i rekneskapen.

I følgje vedtektene er det kommunestyret som vedtek bruken av fondsmidlane, dersom støttebeløpet er over 250.000,-. Beløp under denne grensa er delegert til andre politiske organ, mens beløp under kr 10.000,- er delegert til administrasjonssjefen.

Fondsmidlane skal i følgje vedtektene i fyrste rekke nyttast til næringsformål som kan auke og trygge busetnaden i Skjåk. Det er spesifisert kva type støtteformer som ligg innfor formålet. Desse er tilskot til verksemdar i Skjåk, kommunalt tiltaksarbeid, grunnlagsinvesteringar, bedriftsutvikling, omdømmearbeid, og kommunale fellestiltak.

Vedtektene presiserer at støtta til ei einskild verksemd, saman med anna offentleg støtte, ikkje skal overskride maksimalgrensa for «bagatellmessig støtte» etter EØS-regelverket. Det er gitt ei maksimalgrense på tilskot på kr 650.000,- over 5 år. Denne grensa er betydeleg lågare enn maksimalgrensa for bagatellmessig støtte, som er 200.000 euro over 3 år.

Som vist til i kapittel 1.3 og 3.1.1 vart lovkravet om at kommunar med kraftfond skal ha offentleg godkjente vedtekter for bruken av fondet, oppheva i samband med revisjonen av vassdragsreguleringsloven i 2016/2017.

Skjåk kommune sine gjeldande vedtekter for næringsfondet vart vedteke hausten 2016, med små justeringar vinteren 2018/2019¹². Hausten 2016 var ikkje den statlege godkjenningssordninga oppheva enda, slik at dei gjeldande vedtektene er godkjente av fylkesmannen. Godkjenningssordninga skulle sikre at dei kommunale vedtektene var i tråd med standardvedtektene og dermed at forvaltninga av fondet var i tråd med lovens krav.

4.3 VURDERINGAR

VI har sett at næringsfondet er rekneskapsført som eit bunde driftsfond, at vedtektene følgjer regelverket om offentleg støtte, og at delegasjon av vedtaksmyndigheit følgjer av kommuneloven. Revisjonen meiner vidare at delegasjon av avgjerdsmyndigheit til administrasjonssjefen for beløp under kr 10.000,- gjeld saker som er av relativt liten verdi, og som derfor ikkje er av prinsipiell betydning.

Næringsfondet skal, i følgje vedtektene §2, i fyrste rekke nyttast til næringsformål som kan auke og trygge busetnaden i Skjåk. Dette er i tråd med formålet gitt i loven. Vedtektene følgjer òg loven på den måten at dei ikkje gir eit absolutt krav om at midlane skal brukast til næringsformål, sidan *i fyrste rekke*, er med i ordlyden. Det er likevel å forstå at dette formålet skal prioriterast.

Vedtektene spesifiserer korleis fondsmidlane kan nyttast, der blant anna omdømmearbeid er ei mogleg støtteform. Å drive omdømmearbeid er ikkje det same som å bruke midlar til utbygging av næringslivet eller til næringsformål, men slikt arbeid kan komme fellesskapet til gode gjennom å framheve kvalitetane kommunen har og bygge merkevara Skjåk kommune. Dette arbeidet har som mål å gi auka tilflytting og nye arbeidsplassar. Revisjonen vurderer difor at mindre støtte i form av omdømmearbeid kjem innfor det overordna regelverket.

Når det gjeld grensa for bagatellmessig støtte i EØS sitt regelverk er denne i dag relativt høgare enn maksimalsatsane for støttebeløp som er gitt i vedtektene. Det er likevel opp til kommunen å bestemme kor høge maksimalsatsane for bruk av fondet skal vera.

Revisjonen vurderer at Skjåk kommune sine vedtekter for næringsfond er i samsvar med dei overordna lovkrava til eit kraftfond. At vedtektene er godkjent etter den tidlegare godkjenningssordninga meiner revisjonen underbygger dette.

¹² Blant anna vart tilskot til avverking av skog under kr 10.000,- delegert til administrasjonen.

5. ER BRUKEN AV NÆRINGSFONDET I TRÅD MED FORMÅL OG VILKÅR GITT I VEDTEKTENE?

I dette kapitlet går vi igjennom bruken av næringsfondet i perioden 2016-2019 og vurderer denne opp mot revisjonskriteria, som er vedtektene.

5.1 REVISJONSKRITERIUM

Næringsfondet skal i fyrste rekke nyttast til næringsformål som kan auke og trygge busetnaden i Skjåk. Støtteformer som kan nyttast innafor formålet er; tilskot til verksemder og landbruk i Skjåk, kommunalt tiltaksarbeid, grunnlagsinvesteringar, bedriftsutvikling, omdømmearbeid, og kommunale fellestiltak.

Krav til størrelse på støttebeløp, krav til innhald i søknaden, krav til utbetaling, krav til fondsstyre og moglegheit til for støtte til driftskostnadar går fram av kapittel 3.2.

5.2 RUTINAR VED BEHANDLING AV SAKER OM STØTTE FRÅ NÆRINGSFONDET

Innkome søknader om støtte frå næringsfondet blir saksbehandla i næringsavdelinga og lagt fram til politisk behandling. Landbrukskontoret er også organisert under næringsavdelinga. Nærings sjefen og næringskonsulenten behandlar i hovudsak søknadene frå næringslivet, mens to tilsette ved landbrukskontoret behandlar søknadene frå landbruket. For saker under kr 10.000,- er vedtaksmyndigheita delegert til administrativt nivå.

Sakene blir behandla fortløpande gjennom året. Mange kjem innom næringskontoret for rettleiing før søknaden blir sendt. Næringskontoret kan òg hjelpe til med råd og rettleiing i forbindelse med søknader om støtte frå andre instansar.

Størrelsen på søknadsbeløpet avgjer kva politisk organ som fattar endeleg vedtak om støtte. Etter at endeleg vedtak er fatta sender næringsavdelinga eit partsbrev til søkar med kopi av vedtaket. Søkar har klagerett etter forvaltningsloven. Vedtaket blir så formidla til økonomiavdelinga som oppdaterer fondsbeholdninga. Sjølv utbetalinga skjer etter at tiltaket er gjennomført og attestert sluttrekneskap er motteke. Ved beløp over kr 30.000,- kan delar av vedteke støttebeløp utbetalast undervegs.

5.3 KVA GÅR MIDLANE FRÅ NÆRINGSFONDET TIL?

I note til rekneskapen (note 30) er det gitt ei oversikt over alle løyvingar om bruk av næringsfondet fatta gjennom året (budsjett), samt alle faktiske utbetalingar gjennom året (rekneskap). Utbetalingane kan gjelde saker vedteke i inneverande og tidlegare år. Det er sett opp eit oppsett over inngåande og utgåande balansar for fondet.

Det blir òg gitt informasjon om bruken av næringsfondet i eiga årsmelding, som skal leggst fram for kommunestyret. Revisjonen har sett kommunestyresakene om årsmeldingane for 2015, 2017, og 2018¹³. Årsmelding for 2016 er ikkje behandla i kommunestyret.

Oversikta nedanfor viser totale fondsmidlar ved inngangen av året i perioden 2016-2019.

	2016	2017	2018	2019 ¹⁴
Udisponert fond 1.1	7 246 895	7 288 194	7 361 586	7 443 945
Disponert fond 1.1	4 862 796	4 972 794	5 163 266	2 720 087
Grunnfond 1.1	1 387 410	2 180 402	3 277 973	3 221 264
Sum	13 497 101	14 441 390	15 802 825	13 385 296

Hausten 2018 vart det gjort ei ekstraordinær løyving på kr 3 mill frå næringsfondet til etter- og oppryddingsarbeid etter flaumen. Fondsbeholdninga gjekk derfor ned frå 2018 til 2019.

5.3.1 LØYVINGAR I KOMMUNEN SITT DRIFTSBUDSJETT

Ein del av dei disponible fondsmidlane (udisponerte) er bunde opp av kommunestyret i kommunen sitt driftsbudsjett for kommande år. Dette gjeld i hovudsak lønningar, festekontraktar, og tilskot til drift av regionkontor.

Tabellen nedanfor viser faktisk forbruk i 2016, 2017 og 2018 på desse budsjettpostane, samt løyvingar for 2019 og 2020:

	2016	2017	2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Rådgjevar/info.medarbeidar	606 209	630 271	586 324		
Festekontraktar	18 119	28 418	12 070	30 000	25 000
Næringssjef	1 138 718	1 118 462	1 168 727	1 296 000	1 383 000
Regionkontor	398 364	396 780	392 151	400 000	425 000
Landbrukskontor	1 315 917	730 000	1 397 668	1 375 000	1 487 000
Skjåk turløyper	140 000				
Industriområde	1 460 000				
Aktivitetskoordinator				370 000	
Nasjonalparkriket reiseliv					300 000
Aurmo industriomr, asfaltering					200 000
Sum	5 077 327	2 903 931	3 556 940	3 471 000	3 820 000
Budsjetttert	5 024 000	2 905 000	3 683 000	3 471 000	3 820 000
Disponibelt fond	7 246 895	7 288 194	7 361 586	7 443 945	8 151 953
Budsjettpostar i %	70,1 %	39,8 %	48,3 %	46,6 %	46,9%

¹³ Årsmelding for 2018 vart behandla den 5.12.2019, sak K097/19.

¹⁴ Tala er ikkje heilt i samsvar med note 30 for 2018, då revisjonen har teke med løyving på kr 100.000,- til Explore Skjåk, som ikkje er teke med i nota. Sjå sak M093/18. Dette gjer at disponert fond pr 1.1.2019 er kr 100.000 høgare enn i nota, og grunnfond kr 100.000 lågare.

Våren 2015¹⁵ vedtok kommunestyret løyving til eit 3-årig prosjekt i omdømmearbeid finansiert av næringsfondet. Intensjonen var å styrke næringsarbeidet i kommunen gjennom omdømmeskapande arbeid. Prosjektmedarbeidaren vart etter kvart nytta til å drive kommunalt informasjonsarbeid og til å bygge opp informasjonskanalar som heimeside, facebook, etc, då kommunen ikkje hadde tilsette med ansvar for dette området.

Hausten 2018 vedtok kommunestyret¹⁶ å delfinansiere ei stilling som aktivitetskoordinator frå næringsfondet med kr 370.000,- i 2019. Aktivitetskoordinatoren skulle samle inn informasjon om dei ulike aktivitetane som finst i Skjåk og gjera tilboda meir synlege, med mål om å generere meirverdi for reiselivet og andre verksemdar. I tillegg skulle stillinga ha ansvar for prosjektet digital kommune. Støtte til denne stillinga skulle erstatte støtta til lokale arrangement og turistinformasjon.

Støtte til drift av Nasjonalparkriket Reiseliv er lagt inn i driftsbudsjettet for 2020. Denne overføringa er også gjort dei tidlegare åra, men da etter behandling av søknad frå selskapet i kommunestyret.

Overføring til regionrådet ligg som ein «fast» budsjettpost og består av driftstilskot og partnerskapsmidlar¹⁷. Regionrådet er ein politisk organisasjon som blant anna skal støtte utviklingsprosjekt og arrangement som kjem regionen Nord-Gudbrandsdal til gode.

5.3.2 LØYVINGAR VEDTEKE GJENNOM ÅRET

Det blir gjort løyvingar gjennom året etter kvart som det kjem søknader eller når kommunen har eigne tiltak dei meiner skal finansierast over næringsfondet. Nedanfor har vi spesifisert bruken av fondsmidlar som blir vedteke gjennom året for åra 2016-2019. Tilskot til private verksemdar, tilskot til landbruket og etablerartilskotet er samlesummar, dvs. at alle søknadene er samla i ein sum for kvar kategori. Vi har plukka ut nokre løyvingar kvart år som vi omtalar nærare under kvar tabell. Denne omtala gjeld støtte til tiltak som *ikkje* er direkte støtte til verksemdar og landbruket. Den direkte støtta til verksemdar og landbruket blir omhandla i eige kapittel 5.5 nedanfor.

2016:

Vi har vist ovanfor at ein stor del av dei disponible fondsmidlane for 2016 var disponert til ulike kommunale og regionale driftsoppgåver før året byrja¹⁸. Gjennom året vart det gjort vedtak om slik bruk:

¹⁵ Sak K037/15

¹⁶ Sak K089/18

¹⁷ Alle dei seks kommunane i regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen bidreg med driftstilskot til regionrådet. I tillegg forvaltar regionrådet partnerskapsmidlar, som er overføringar frå Oppland fylkeskommune og kommunane.

¹⁸ Samt ei løyving til investering i samband med industriområde.

2016	Vedtak	Utbetalt	
Aslaug Høydal 100 år	80.000	80.000	Finansiering av jubileumsmarkering
Bygdebok for Skjåk	45.000		Ekstraløyving til fullfinansiering av bok
Ståk i Skjåk	96.000	77.156	Støtte til lokalt arrangement
Sommarjobbprosjektet	100.000	166.639	Støtte til arbeidsgivarar
Nasjonalparkriket reiseliv	250.000	250.000	Støtte til drift av destinasjonsselskap
LVK ¹⁹	20.000	20.000	Tilskot til saksomkostningar høgsterett
Haustattakk	74.000	61.486	Støtte til lokalt arrangement
Tilskot til bedrifter, samla	1.870.000	141.750	
Tilskot til landbruket, samla	1.038.000	516.257	
Sum	3.573.000	1.313.288	

Tabell 5.1. Vedtak om bruk av fond fatta gjennom året, 2016.

Sak F010/2016 gjeld løyving til markering av at Aslaug Høydahl ville vore 100 år 2016. Aslaug Høydahl budde i Skjåk som vaksen og var ein anerkjent forfattar med eit omfattande forfatterskap. Kommunen ser det som viktig å støtte opp om lokale kunstnarar og markeringar av jubileum, etc., og at kulturarven blir formidla til nye generasjonar. Tidlegare markeringar er òg finansiert over næringsfondet.

Sak K060/16 gjeld kommunal driftsstøtte til Nasjonalparkriket reiseliv AS for 2016. Nasjonalparkriket reiseliv er eit destinasjonsselskap for Nord-Gudbrandsdalen. Dei 6 kommunane har inngått samarbeidsavtaler med selskapet om årleg støtte til arbeidet som blir gjort på vegner av reiselivsnæringa i Nord-Gudbrandsdal. Administrasjonen meiner det er viktig for kommunane å bidra til å vidareutvikle eit reiselivsfagleg kompetansemiljø i eigen region.

Sak F040/2016 og F130/2016 gjeld støtte til dei to arrangementa Ståk i Skjåk og Haustattakk. Dei to arrangementa skal marknadsføre Skjåk og syne fram kva bygda har å by på. Handelsstand, bedrifter, lag og enkeltpersonar får høve til å vise fram kva dei driv med. I tillegg er det tilbod om ulike aktivitetar, samt sosial tilstelling om kvelden. Ståk i Skjåk vert arrangert over tre dagar om våren, mens Haustattakk vert arrangert ein laurdag om hausten. Haustattakk er fyrst og fremst ein haustmarknad og eit arrangement med mål om å fremje matproduksjon og mattradisjon.

Sak F043/2016 gjeld finansiering av sommarjobbprosjektet, som er eit kommunalt prosjekt for å hjelpe ungdom i Skjåk til å få sommarjobb innan det lokale næringslivet. Arbeidsgivarar får eit tilskot på kr 1.500,- pr. vekeverk. Målet med prosjektet er å marknadsføre næringslivet i kommunen overfor ungdom og at dei kan få arbeidserfaring. Prosjektet er gjennomført sidan byrjinga av 2000-talet.

2017:

I tillegg til midlane som var disponert gjennom driftsbudsjettet vart det gjort vedtak om slik bruk gjennom året:

¹⁹ Landssamanslutninga av vassdragskommunar

2017	Vedtak	Utbetalt	
Norsk landbruksrådgjeving	54.000	54.000	Støttemedlemsskap
Mjøsen skog AS	50.000	50.000	Støtte til løn til skogbruksplanpådrivar
Gode vegar AS	300.000	300.000	Støtte til drift av regionalt vegselskap
Kommuneplan	150.000	53.200	Layout, trykking, digitalisering av plankart
Sommarjobbprosjektet	190.000	172.635	Støtte til arbeidsgivarar
Skjåk i ver`n	50.000	50.000	Støtte til kommunal konferanse
Ståk i Skjåk	99.000	72.016	Støtte til lokalt arrangement
Sykkelprosjektet NG	50.000		Støtte til prosjekt hos Nasjonalparkriket
Nasjonalparkriket reiseliv	250.000	250.000	Støtte til drift av destinasjonsselskap
Hausttakk	94.000	63.128	Støtte til lokalt arrangement
Massivtre	50.000		Støtte til forprosjekt Skjåk almenning m.fl
Norsk landbruksrådgjeving	54.000		Støttemedlemsskap
Etablerarkurs 2018	60.000		Støtte til kurs
Landsfestival 2018	200.000		Støtte til festival
Tilskot til bedrifter, samla	1.344.000	240.000	
Tilskot til landbruket, samla	540.000	220.438	
Etablerartilskot, samla	175.000	175.000	
Sum	3.710.000	1.700.417	

Tabell 5.2. Vedtak om bruk av fond fatta gjennom året, 2017.

Sak M004/2017 og M094/2017 gjeld støttemedlemsskap i organisasjonen Norsk landbruksrådgjeving (NLG), avdeling Gudbrandsdalen, for 2017 og 2018. Summen har tidlegare lege i budsjettamma, men er nå tatt ut av budsjettet og skal vurderast år for år etter søknad. Næringskontoret er positive til å støtte NLG over næringsfondet, da dei meiner at organisasjonen er viktig for å fremme det lokale jordbruket.

Sak M011/2017 gjeld tilskot til Mjøsen skog AS til stillinga som skogbruksplanpådrivar i Ottadalen for 2016 og 2017. Kommunen har gitt tilskot til stillinga sidan 2005. I perioden 2008-2014 låg overføringa frå næringsfondet inne som ein fast post i driftsbudsjettet, men i 2015 vart posten finansiert frå disposisjonsfondet då det var ei målsetting å fase ut bruken av næringsfondet til ordinær drift i kommunestyreperioden. Frå 2016 er overføringa på nytt finansiert over næringsfondet. Det er òg gjort overføringar til tiltaket for 2018 og 2019. I Sak M011/19 står det i vedtaket at eventuelle tilskot etter 2019 skal innarbeidast i det ordinære driftsbudsjettet for Skjåk kommune. Administrasjonen meiner at skogbruksplanpådrivaren er viktig i forhold til å ha ei god skogavverking og god skogpleie.

Sak K014/2017 gjeld støtte til drift av vegselskapet Gode vegar AS for perioden 2016 og 2017. Fleire kommunar og næringslivet på vestsida av Strynefjellet deltek òg i ulike vegprosjekt i regi av selskapet. Hovudsatsinga desse åra er Rv 15 og ny heilårsveg over Strynefjellet. Prosjektet er meint å gje ein tryggare veg, samt betre vegsamband mellom aust og vest, noko som kommunen vurderer er positivt for næringslivet i Skjåk.

Sak F010/2017 gjeld tilskot til utforming av kommuneplan og nye næringsfondsvedtekter, samt digitalisering av plankart i kommuneplanen sin arealdel. Målet er at ein meir profesjonell layout på desse dokumenta skal gjera dei meir lesevenlege og attraktive for innbyggjarane.

Sak M082/2017 gjeld bidrag til eit forprosjekt der formålet var å vurdere om det var mogleg å etablere ein produksjon av massivtre basert på furu i Ottadalen. Prosjektet var eit samarbeid mellom Vågå og Skjåk kommunar, Langmorkje allmenning i Vågå, Skjåk allmenning, SEBB og Brun Bygg. Prosjektet kan på sikt gi nye arbeidsplassar til både Skjåk allmenning og Skjåk trelast, og ein eventuell etablering av ein elementfabrikk kan gi aktivitet til SEBB og andre byggeverksemder.

Sak M096/2017 gjeld tilskot til å arrangere ei kursrekke med etablerarkurs, då dette har vore etterspurd frå næringslivet. Skåppå kunnskapspark AS tok på seg oppdraget med å gjennomføre kurset.

2018:

Ca halvparten av dei disponible midlane for 2018 var bunde opp i kommunen sitt driftsbudsjett for 2018. Det vart i tillegg vedteke slik bruk av fondsmidlar gjennom året:

2018	Vedtak	Utbetalt	
Skåppå kunnskapspark	75.000	25.000	Støtte til drift av innovasjonsselskap
Nasjonalparkriket reiseliv	300.000	300.000	Støtte til drift av destinasjonsselskap
Sommarjobbprosjektet	190.000	192.202	Støtte til arbeidsgivarar
Ståk i Skjåk	99.000	51.923	Støtte til lokalt arrangement
Haustattakk	85.000	33.930	Støtte til lokalt arrangement
Mjøsken skog AS	25.000	25.000	Støtte til løn til skogbruksplanpårivarar
Turistinformasjon	100.000	111.959	Støtte til løn og drift
Tilskot til private verksemder	544.000	210.000	
Tilskot til landbruket	615.720	284.140	
Etablerarstipend	575.000	475.000	
Flaum	3.000.000	3.000.000	Etterarbeid
Sum	5.608.720	4.709.154	

Tabell 5.3. Vedtak om bruk av fond fatta gjennom året, 2018.

Sak M023/2018 gjeld driftstilskot til Skåppå kunnskapspark AS for åra 2018, 2019 og 2020. I 2015 vart det løyvd tilskot for 2015, 2016, og 2017 til det som den gongen var Lillehammer og Gudbrandsdal kunnskapspark. Skåppå er eit innovasjonsselskap som har fokus på å vera eit kompetanse- og utviklingsmiljø for nyetablerte og eksisterande verksemder i heile Gudbrandsdalen. Dei finansierer verksemda gjennom statlege og kommunale midlar. Administrasjonen meinte at det var eit gode å ha tilgang på eit slikt kompetansmiljø lokalt.

Sak M048/2018 gjeld løyving til drift av turistinformasjon sommaren 2018. Det har vore løyvd kr 100.000,- til turistinformasjon i Skjåk folkebibliotek i 2015, 2016, og 2017, men ikkje over næringsfondet. Det er ikkje gjort ei vurdering i saksbehandlinga om kvifor det er riktig å finansiere turistinformasjonen med midlar frå næringsfondet dette året.

Sak K063/2018 gjeld ekstraordinær rammeløyving til etter – og oppryddingsarbeid etter flaumen i Skjåk i oktober 2018. Skjåk kommune fekk erstatning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med flaumen i november 2019. Formannskapet vedtok å attendeføre kr 3 mill. til næringsfondet frå erstatninga.

2019:

Nesten halvparten av dei disponible midlane for 2019 var bunde opp gjennom driftsbudsjettet for 2019. I tillegg vart det vedteke slik bruk av fondsmidlane gjennom året²⁰:

2019	Vedtak	
Nasjonalparkriket	300.000	Støtte til drift av destinasjonsselskap
Dyringsbru forprosjekt	350.000	Støtte til infrastruktur
Profilering og omdømme	100.000	Støtte til driftsmateriell
Skogbruksplanpådrivar	50.000	Støtte til løn
Sommarjobbprosjektet	190.000	Støtte til arbeidsgivarar
Masselagring flaum	200.000	Flaumførebygging
Motorcross	81.000	Støtte til driftsanlegg frivillig org.
Kurs norsk landbruksrådgj.	36.000	Støtte til kurs
Vasslineberekning Bismo	230.000	Flaumførebygging
Skredfare Bosmeberget	140.000	Støtte til skredfarevurdering
Mobiliseringsprosjekt	48.225	Støtte til regionalt prosjekt i landbruket
Etablerarkurs	17.878	Støtte til kurs
Tilskot til private verksemdar	732.000	
Tilskot til landbruket	445.220	
Etablerarstipend	100.000	
Sum	3.020.323	

Tabell 5.4. Vedtak om bruk av fond fatta gjennom året, 2019.

Som vi ser av tabell 5.4 ovanfor, er det ikkje gitt løyvingar til dei lokale prosjekta Ståk i Skjåk og Hausttakk, eller til drift av turistkontoret i 2019.

Sak K016/2019 gjeld løyving til startkapital til sikringsarbeid og forprosjektering av ny permanent Dyringsbru, då denne vart tatt av flaumen i oktober 2018. Skjåk Utbyggingsselskap AS søkte Skjåk kommune, som eineaksjonær i selskapet, om løyving til dette formålet. Vegen er viktig for setereigarar, hytteigarar, turistnæringa, og jakt- og fiskeinteresserte.

Sak M009/2019 gjeld løyving til kommunen sitt innkjøp av gåveartiklar og effektar, marknadsføring i form av annonsar, og profileringsmaterieill. Det er ikkje gjort ei vurdering i saksdokumenta av kvifor løyvinga er tatt frå næringsfondet.

Sak M027/2019 gjeld støtte til vatningsanlegg på motorcrossbane i Botn. Det er den frivillige organisasjonen NMK Skjåk som eig og driv motorcrossbana. Eit vatningsanlegg var viktig for å hindre støv og siktproblem og ville oppgradere bana til å kunne nyttast til konkurransar og stemner.

Sak K026/2019 gjeld løyving til mellombels lagring av masse i Bismo vest. Massen er seinare tenkt til å nyttast til flaumsikring. Skjønnsmidlar eller andre statlege refusjonar i samband med flaumen 2018 skal attendeførast til næringsfondet.

²⁰ Rekneskapen for 2019 er ikkje ferdig utarbeidd, slik at det er berre løyvingane som er ført i note 30 pr des 2019.

Sak F035/2019 gjeld løyving til vasslineberekning for Ottaelva ved Bismo. Skjåk kommune har starta arbeidet med å planlegge flaumsikring av Bismo. Vasslineberekninga skulle vera med å danne grunnlag for plassering og prosjektering av ein framtidig flaumsikringsvoll. Eventuelle skjønnsmidlar frå fylkesmannen skal attendeførast til næringsfondet.

Sak M096/2019 gjeld støtte til mobiliseringsprosjekt for mjølk- og storfekjøttproduksjon i Lom og Skjåk for 2020 og 2021. Prosjektet skal motivere mjølk- og storfekjøttprodusentane i Lom og Skjåk til å satse for framtida og investere i lausdriftsfjøs.

5.3.3 TOTAL BRUK AV FOND - KATEGORISERT

Revisjonen har gjort eit forsøk på å kategorisere den totale bruken av fond i perioden. Kva postar som ligg i dei ulike kategoriane er spesifisert i vedlegg nr 2 til rapporten.

Løyvingar	2016	2017	2018	2019
Finansiering av kommunal drift	3.194.000	2.763.000	3.383.000	3.171.000
Støtte til drift av regionale tiltak/ verksemder	640.000	700.000	775.000	750.000
Grunnlagsinvesteringar	1.460.000	300.000		350.000
Kommunalt tiltaksarbeid	100.000	350.000	190.000	292.103
Tilskot til lokale arrangement/kultur og idrett	435.000	443.000	184.000	81.000
Tilskot til verksemder/landbruket	2.908.000	2.059.000	1.734.720	1.277.220
Ekstraordinære tiltak, flaum og ras			3.000.000	570.000
Sum	8.737.000	6.615.000	9.266.720	6.491.323

Tabell 5.5. Vedteke bruk av næringsfond, både i driftsbudsjettet og løyvd gjennom året²¹.

Når det gjeld kategorien finansiering av kommunal drift inneheld denne løyvingar som er «faste» over fleire år og som går til løn til kommunalt tilsette, årlege medlemskapsavgifter, og andre løyvingar til kommunale innkjøp. Støtte til drift av regionale tiltak er også «faste» årlege løyvingar til regionale verksemder. Grunnlagsinvesteringar gjeld støtte til utbygging av infrastruktur, som veg og bru, mens kommunalt tiltaksarbeid gjeld finansiering av ulike kommunale prosjekt/tiltak som skal fremme næringsutvikling, gjerne i samarbeid med andre. Eit eksempel er mobiliseringsprosjektet for mjølk- og storfekjøttproduksjon i Lom og Skjåk.

I kategorien tilskot til verksemder/landbruket ligg alle tilskot som er løyvd til private verksemder eller landbruket etter søknad.

²¹ I note 30 i rekneskapen for Skjåk kommune for 2018 er sum budsjetttert/vedteke bruk kr 9.163.000,-, som er kr 103.720,- lågare enn revisjonen sitt tal. Revisjonen har teke med to postar som ikkje er ført opp i nota;

T Teigen, avverking 3.720,- (utbetalt, men ikkje oppført med vedtak)

Explore Skjåk 100.000,- (vedtak i sak M093/18, men ikkje ført opp i nota)

5.3.4 INNHENTA VURDERING FRÅ KOMMUNEN OM BRUK AV NÆRINGSFONDET

Revisjonen har hatt samtaler med tilsette i næringsavdelinga, samt ordførar Elias Sperstad og leiar i miljø- og næringsutvalet, Sevald Sperstad, i perioden 2015-2019, om deira vurderingar av forvaltninga av næringsfondet. Bruken av næringsfondet er eit tema som politikarane er engasjert i, og som har vore oppe til diskusjon i fleire rundar dei siste åra. Nedanfor gir vi ei oppsummering av informasjonen som vart gitt i intervjuet.

Dei tilsette i næringsavdelinga har ansvaret for å saksbehandle dei ulike søknadene om støtte frå næringsfondet. Dei seier at dei fleste sakene er greie å vurdere opp mot vedtektene, men at det kan vera tvilstilfelle. Dette gjeld til dømes kva som er vedlikehald kontra investering og kva som er særskilt produksjonsutstyr kontra «omsetteleg» utstyr. Det er viktig å formidle tvilen til politikarane som skal ta den endelege avgjerda. Dei seier vidare at politikarane er engasjerte i næringsfondssakene og at det er grundige behandlingar i dei politiske utvala. Miljø- og næringsutvalet behandlar flest saker.

Dei to politikarane vi har snakka med meiner at næringskontoret og landbrukskontoret gjer eit godt og grundig arbeid og at dei kjenner vedtektene godt. Dei meiner at vedtektene er greie og at reglane er nøkterne. Vedtektene vart tydelgare etter revisjonen hausten 2016. Det var ein grundig diskusjon om vedtektene den gongen. Regelen om tilskot på inntil 30% av det totale kapitalbehovet for eit prosjekt i særskilte tilhøve vart ikkje endra, sjølv om det vart foreslått. Det kan vera vanskeleg å vite kva som er særskilte tilhøve, noko som kan gi ulik behandling. Vidare vart det oppretta eit etablerartilskot. Meinnga var at dette skulle gi nyetablerarar i «frie» yrke moglegheit til å få tilskot, sjølv om dei ikkje hadde behov for å investere i bygg, etc. Tidlegare kom desse ikkje innfor regelverket. Tradisjonelt har industrimiljøet i Skjåk, samt landbruket, fått mykje støtte frå næringsfondet.

Dei to meiner at dei som politikarar kan stå inne for bruken av næringsmidlane. Finansiering av løn til næringssjefen ligg i vedtektene og lønningar ved landbrukskontoret kan forsvarast gjennom å sjå på inntektene som landbrukskontoret genererer. Kontoret betyr mykje for gardbrukarane og dei tilsette er viktige rådgivarar som kjenner til dei moglegheitene gardbrukarane har. Næringsfondet er ein fin måte å bidra til aktivitet på, som gir mange ringverknader for Skjåksamfunnet. Når det gjeld løn til informasjonsarbeidaren meiner ordføraren at det er riktig å støtte opp om godt omdømmearbeid, og at dette er noko vedtektene gir rom for. Støtte til arrangementa Ståk i Skjåk og Hausttakk kjem også inn under støtte til omdømmearbeid, samt at her får mange mindre bedrifter/næringsdrivande synt seg fram. Den kommunale støtta til desse arrangementa dei siste åra har i hovudsak vore hjelp til planlegging og organisering, samt noko økonomisk finansiering.

Det har ikkje vore store konfliktsaker om bruk av næringsfondet i denne kommunestyreperioden. Det har vore saker der det har vore usikkerheit om det har vore riktig å støtte, for eksempel er det vanskeleg å skilje mellom drift og vedlikehald. Eit døme er saka om fornying av wire i skiheisen på Grotli, som fekk støtte hausten 2018. Dette er det einaste skitrekket i kommunen, og den gir meirverdi både for innbyggjarane, hotellet og hyttefolket.

Leiaren for miljø- og næringsutvalet viser til at budsjettert bruk av fondet til driftsrelatert aktivitet er mindre i 2019 samanlikna med budsjettet for 2016. For eksempel er tre-årig prosjektstilling som

informasjonsmedarbeidar ikkje forlenga. Det har vore ein intensjon den siste perioden om å redusere bruken av næringsfondet til driftsrelaterte oppgåver, noko ein berre delvis har lykkast med.

Det er ikkje mange som får avslag på søknadene sine. Dette meiner dei har samband med at dei fleste er innom næringskontoret før søknaden blir sendt, og blir gjort kjent med regelverket. Det har heller ikkje vore slik at nokon ikkje har fått støtte pga at midlane det året var brukt opp.

Dei meiner det er positivt at ein har ein buffer i næringsfondet sitt grunnfond.

5.4 VURDERING AV BRUKEN AV FONDSMIDLAR SOM IKKJE GÅR TIL VERKSEMDER ELLER LANDBRUKET

Vedtektene for Skjåk kommune sitt næringsfond slår fast at midlane frå næringsfondet i fyrste rekke skal nyttast til næringsformål som kan auke og trygge busetnaden i Skjåk. Det er fleire ulike støtteformar som kan nyttast innafor formålet. Eit anna krav i vedtektene er at fondet som hovudregel ikkje skal nyttast til kommunal drift, med unntak av løn til næringssjef eller den som administrerer næringsfondet. I dette kapitlet ser vi bort i frå den direkte støtta til verksemdar og landbruket og vurderer om resten av bruken er i tråd med formål og krav gitt i vedtektene.

I vurderinga går vi igjennom dei ulike kategoriane i tabell 5.5 i avsnitt 5.3.3 ovanfor. For ei spesifisering av postane i kvar kategori, sjå vedlegg 2 til rapporten.

5.4.1 STØTTE TIL KOMMUNAL DRIFT OG DRIFT AV REGIONALE VERKSEMDER

Dersom vi ser på kategoriane i tabell 5.5 ovanfor ser vi at den største kategorien er *finansiering av kommunal drift*. Her ligg blant anna løn og drift av landbrukskontoret. Politikerane vi har snakka med argumenterte for at landbrukskontoret bidreg til å utvikle og oppretthalde eit bærekraftig landbruk i kommunen, og at løyvingar til drift av landbrukskontoret derfor er indirekte støtte til næringsformål. Det same argumentet kan nyttast om støtte til rådgjevingsorganisasjon for landbruket. Revisjonen er langt på veg einig i desse vurderingane, men vil peike på at eit landbrukskontor har mange oppgåver, slik som planarbeid, lovforvaltning, tilskotsforvaltning, og ordinær saksbehandling innan jordbruk/skobruk/vilt/utmark, m.m., og at ikkje alle desse vil gå under kategorien næringsutvikling.

Løn til næringssjefen, eller til den som har ansvaret med å administrere næringsfondet, er spesifisert i vedtektene som godkjent løyving. I Skjåk kommune er næringssjefen også leiar for landbrukskontoret, slik at denne stillinga har eit større ansvar enn berre å jobbe med næringssaker.

Overføring til regionale verksemdar som Skjøppå kunnskapspark og regionrådet, samt støtte til regional skogbruksplanpådrivar, meiner revisjonen kan sjåast på som indirekte støtte til næringsformål, då alle desse arbeider med næringsutvikling.

Andre løyvingar frå næringsfondet som er kategorisert under kommunale driftsoppgåver er revisjonen meir i tvil om kjem inn under formålet i vedtektene. Finansiering av løn til informasjonsmedarbeidar, drift av turistkontoret, samt kommunen sitt innkjøp til gåveartiklar, annonsering, og

profileringsmateriell, er eksempel på slike løyvingar. Revisjonen meiner at det ikkje går klart fram i kommunen si saksbehandling at desse løyvingane fyrst og fremst går til å fremje næringsutvikling. Når det gjeld løn til informasjonsmedarbeidaren meiner ordføraren at denne løyvinga kjem inn under omdømmearbeid, som er ei godkjent støtteform i vedtektene. Stillinga som informasjonsmedarbeidar var opphavleg meint å vera ei prosjektstilling for å drive omdømmearbeid, men vart i staden brukt til å utarbeide heimeside og utvikle informasjonskanalar på sosiale media, etc. Revisjonen vurderer at denne stillinga derfor ikkje klart kan definerast som omdømmearbeid. Drift av turistkontoret og innkjøp av gåveartiklar, m.m, kan vera bidrag til omdømmearbeid, men revisjonen finn ikkje at løyvingane er gitt med omdømmearbeid som eit klart mål.

Når det gjeld bruk av næringsfondet til utforming av kommuneplanen og digitalisering av plankart, vurderer revisjonen at dette ikkje er støtte til utvikling av næringslivet.

Formuleringa i vedtektene er at næringsfondet *i fyrste rekke* skal nyttast til næringsformål. Som vi drøfta under problemstilling 1 i kapittel 4, gir denne ordlyden ein opning for at fondet kan nyttast til andre formål som kjem fellesskapet til gode, dersom det er ledige midlar. Sett i denne samanhengen vurderer revisjonen at om nokre av løyvingane frå næringsfondet ikkje ligg innafor formålet om utvikling av næringslivet kan dei likevel vera i tråd med vedtektene, dersom det er ledige midlar.

I Skjåk kommune sine vedtekter for næringsfondet er det imidlertid eit krav at fondet som hovudregel ikkje skal nyttast til drift av kommunen, med unntak av løn til næringssjef. Dette gjeld uavhengig av om løyvinga er innafor formålet om å bidra til næringsutvikling eller ei. Gjennomgangen i kapittel 5.3 viser at Skjåk kommune nyttar store delar av fondet til kommunale driftsoppgåver. I perioden vi har sett på har kommunestyret disponert 40% - 50% av dei disponible midlane i budsjettprosessen før året startar (inkl løn til næringssjef), hovudsakleg til kommunal drift. I tillegg er det gitt løyvingar til kommunal drift gjennom året. Revisjonen meiner at denne praksisen er i strid med kommunen sine vedtekter. Dette har vore peika på i fleire omgangar tidlegare i kommunen. Det ligg føre eldre vedtak²² om utfasing av driftsandelen, samt at det er sagt at det er ei målsetting at løyvingar til drift skal reduserast²³. Bruken av fondsmidlar som går til finansiering av kommunale driftsoppgåver er ikkje redusert i perioden.

5.4.2 STØTTE TIL GRUNNLAGSINVESTERINGAR OG KOMMUNALT TILTAKSARBEID

Av andre kategoriar i tabell 5.5 ovanfor finn vi blant anna løyvingar til *grunnlagsinvesteringar* og *kommunalt tiltaksarbeid*. Desse kategoriane ligg i vedtektene som mogelege støtteformer og revisjonen meiner at løyvingane som vi har kategorisert under desse kategoriane er løyvingar som bidreg til formålet om næringsutvikling. Eit eksempel er løyving til vegselskapet Gode Vegar AS som investerer i vegsambandet over Strynefjellet, noko som bidreg til å betre kommunikasjonen mellom aust og vest. Løyving til sommarjobbprosjektet er eit kommunalt tiltaksarbeid som gir ungdom i Skjåk moglegheit til å bli kjent med næringslivet i kommunen, samtidig som arbeidsgjevarane kan vise seg fram og kanskje på sikt bli attraktive arbeidsplassar for dei som skal ut i arbeidslivet.

²² Sak K057/15

²³ Sak K007/19

5.4.3 STØTTE TIL LOKALE ARRANGEMENT OG KULTUR OG IDRETT

Den siste kategorien er *tilskot til lokale arrangement/kultur og idrett*. Revisjonen vurderer at disse tilskota ligg innafor formålet. Dei lokale arrangementa Ståk i Skjåk og Hausttakk gir bedrifter moglegheit til å syne seg fram, og med mange som besøker arrangementa kan dette gi positive ringverknader for næringslivet og Skjåk- samfunnet. Ulike arrangement og kulturelle samankomstar er med på å setje Skjåk på kartet, samt bidra til å gjera bygda attraktiv å bu i.

5.5 BRUKEN AV FONDSMIDLAR SOM GÅR TIL VERKSEMDER OG LANDBRUK

I dette kapitlet ser vi nærare på bruken av næringsfondet som går til å støtte private verksemder og landbruket. Etablerartilskotet kjem inn under tilskot til verksemder.

Tilskot til verksemder og landbruk utgjer den direkte støtta til næringslivet, der verksemder og landbruket søker om støtte frå næringsfondet til ulike investeringar.

Oversikta nedanfor syner utviklinga i den direkte støtta til verksemder og landbruk i perioden 2016-2019. Vi ser av oversikta at den direkte støtta til verksemder og landbruket har gått ned i perioden og utgjer 17,2% av dei disponible midlane i 2019.

	2016	2017	2018	2019
Tilskot til verksemder	1 970 000	1 344 000	544 000	732 000
Tilskot til landbruket	938 000	540 000	615 720	445 220
Etablerartilskot		175 000	575 000	100 000
Sum	2 908 000	2 059 000	1 734 720	1 277 220
Disponible midlar	7 246 895	7 288 194	7 361 586	7 443 945
K117/2016	1 465 733			
Direkte støtte i %	22,6 %	28,3 %	23,6 %	17,2 %

I 2016 vart det frigjort ca 1,4 mill i ledige midlar ved å avslutte eldre saker, sjå K-sak 117/2016, då ein etter fyrste halvår såg at det ikkje var nok ledige midlar til å dekke alle søknadene. Etablerartilskotet låg ikkje inne i vedtektene i 2016.

5.5.1 UTVALDE TILSKOTSAKER

Revisjonen har plukka ut eit utval tilskotsaker for kvart år som vi har sett nærare på. Vi har plukka saker som gjeld både tilskot til landbruket, bedrifter, og etablerartilskot, og med ulik størrelse på støttebeløp. Vi har også plukka ut nokre saker der det er gitt avslag om støtte.

Saksnr	Søkar	Løyving	Kva søknaden gjeld
2016			
K015/16	Glasitt AS	795.000	Tilskot til ombygging av smelteomnar frå gass til el.
F066/16	Avverking	57.000	Fire søknadar om tilskot til avverking
F088/16	Nørdre Risheim	74.000	Tilskot til bygging av overbygg for sau
K120/16	JT Brustugun	350.000	Tilskot til bygging av lager/garasje for utleie
F110/16	Ola S Ødegård	26.000	Tilskot til sjølvbetjeningshus for sal av potet
2017			
M021/17	Uppistun Vange	84.000	Tilskot til vatningsanlegg
F066/17	Skjåk synssenter AS	188.000	Tilskot til etablering av synssenter
F077/17	Sygard Marlosøy	118.000	Tilskot til ombygging av driftsbygning
M083/17	Helse til fjells	100.000	Etablerartilskot
K085/17	Kover AS	278.000	Tilskot til investering i ny verkstad
2018			
F013/18	Bismo Vekst AS	135.000	Tilskot til etablering av kontorfellesskap
F016/18	Interfil AS	200.000	Tilskot til investering i maskineringscenter
M058/18	Skjåk utleigebygg AS	0	Tilskot til utbetring av bygg, avslag
M068/18	Juventur	75.000	Etablerartilskot
M076/18	Risheim	44.000	Tilskot til nydyrking
M089/18	Grotli eigedomsselskap	52.000	Tilskot til fornying av wire på skitrekk
2019			
K032/19	Dønfoss eigedom AS	300.000	Tilskot til påbygg og utbetring
M047/19	Grotli utvikling AS	0	Tilskot til opparbeiding av infrastruktur til hyttetomter, avslag
M088/19	DNT/ Sota sæter	0	Tilskot til utviding av spisesal, avslag

Tabell 5.6. Utval av tilskotsaker i perioden 2016-2019.

Revisjonen har gått igjennom kvar sak og vurdert dei opp mot vedtektene. Nedanfor gir vi ei omtale av sakene vi har sett på. For kvar sak gir vi ei stutt oppsummering av fakta og deretter ei vurdering.

Sak K015/2016 Glasitt AS

Glasitt AS søkte i januar 2016 om tilskot frå næringsfondet til ombyggingskostnader og tilleggsinvesteringar i samband med overgang frå gassfyring til elektrisk oppvarming av smelteomnane. Budsjettet var på 2,6 mill. Hovudentreprisa var på 10,4 mill, men denne var fullfinansiert ved innvilga støtte frå ENOVA og eigenkapital.

Verksemda starta opp fabrikk i Skjåk i 2002, og fekk støtte frå næringsfondet i 2008. Kommunestyret vedtok ei løyving på kr 795.000,- til Glasitt AS i 2016, eller 30% av kostnadene. I saksdokumenta er det vist til at dette prosjektet ville innebera eit gode for Skjåk-samfunnet, både med omsyn til miljøet og beredskapen, samt at det kunne gi ein samfunnsøkonomisk gevinst ved at kommunen/Skjåk energi ville kunne nytte ein større del av konsesjonskrafta.

Det går ikkje fram av søknaden om verksemda har søkt andre offentlege instansar om støtte til denne investeringa. I note 30 i rekneskapen for 2018 står løyvinga til Glasitt som avslutta utan at tilskotet er utbetalt. Revisjonen har fått opplyst frå næringskontoret at bedrifta ikkje fekk behov for tilskotet frå kommunen då dei fekk andre offentlege tilskot.

Vurdering:

I utgangspunktet kan verksemder som har vore i drift i meir enn 5 år maksimalt få 350.000,- i tilskot over ein 5-års periode. Vedtektene gir rom for å fråvike maksimalsatsane ved særleg kostnadskrevjande tiltak med utsikt til mange arbeidsplassar eller særleg samfunnsnytte. Revisjonen vurderer at vedtaket om å fråvike maksimalsatsane i denne saka er innafor vedtektene.

Eit sentralt punkt i vedtektene er graden av offentleg støtte og at stønad frå fondet og anna offentleg støtte for kvar einskild bedrift ikkje må overskride maksimalgrensa for bagatellmessig støtte. Vidare står det i vedtektene at bedrifter som søker støtte pliktar å opplyse i søknaden om kor mykje som er motteke i offentleg støtte dei siste 5 åra, samt om eventuelle andre offentlege instansar som det blir søkt tilskot frå i eitt og same prosjekt. Søknaden frå Glasitt inneheld ikkje opplysningar om anna offentleg støtte motteke dei siste 5 åra, eller om det er søkt tilskot frå andre offentlege instansar for denne investeringa, og temaet er heller ikkje diskutert i sakshandsaminga. Revisjonen meiner at i dette tilfellet, der støttebeløpet frå kommunen er såpass høgt, ville det vera naturleg at summen av offentleg støtte er eit tema som blir vurdert. Dette for å syne at reglane om offentleg støtte er følgt. Det er samla offentleg støtte som ikkje skal overstige grensa for bagatellmessig støtte. I etterkant viste det seg at tilskotet frå kommunen ikkje vart nytta då bedrifta fekk tilstrekkelege tilskot frå andre.

Sak M083/2017 Helse til fjells

Søkar bad om økonomisk bistand til etablering av føretaket «Helse til fjells». Søkar dreiv å utdanna seg til ernæringsterapeut og ønskte å starte eigen praksis innafor faget heime i Skjåk. Ho meinte det ikkje var eit slikt tilbod i Gudbrandsdalen og såg for seg å jobbe sjølv i 100% stilling. Søknaden vart behandla i miljø- og næringsutvalet etter reglane for etablerarstipend og innvilga med maksimumsbeløp på kr 100.000,-.

Det gikk ikkje fram av søknaden på kva tidspunkt ho ville vera ferdig med utdanninga, men ho var framleis student i august 2017 då søknaden vart sendt. Søknaden inneheldt heller ingen opplysningar om yrket ernæringsterapeut og kva som skulle til for å kunne praktisere. Vidare var det ikkje lagt fram forretningsplan eller opplyst om søkar hadde tenkt å ta etablerarkurs.

Vurdering:

I vedtektene § 6 om etablerarstipend står det at det krevst konkret og realistisk organisasjons- og forretningsplan og etablerarkurs eller liknande som grunnlag for å få utbetalt slik støtte. Det står også at stipendet skal graderast ut i frå forventa sysselsettingseffekt. Søknaden frå «Helse til fjells» inneheld lite informasjon om den planlagde verksemda slik som organisasjonsform, forretningsplan, planlangt oppstart, osb. Det er også uklart om ho framleis er student på etableringstidspunktet, og det er derfor vanskeleg å vite om ho har kapasitet til jobbe 100%. Revisjonen vurderer at søknaden er mangelfull i følge krav til etablerarstipend i vedtektene.

Sak F013/2018 Ombygging og bruk av lokale i Signegarden

Bismo Vekst AS, som eig delar av forretningsbygget Signegarden, la fram planar for ombygging av ledige lokale til eit næringsfellesskap. Dette skulle bli eit gratis tilbod for næringsdrivande eller andre som hadde behov for ein kontorplass og ein møteplass, der alle kontorfasilitetar var på plass. Det ville

òg vera moglegheit for å leige cellekontor. Det vart lagt fram kostnadsoverslag for utbetringar og inventar.

Tanken til Bismo Vekst var å gjera arbeidet med ombygginga og at kommunen deretter gjekk inn som leigetakar med ei årleg leige i 5 år. Dei meinte det var behov for eit slik kontorfellesskap/næringspark i Skjåk og at dette ville gi nye arbeidsplassar og auka skatteinntekter for kommunen.

I saksbehandlinga konkluderte administrasjonen med at det var ein marknad for eit slikt næringsfellesskap i Skjåk. Det kunne vera fleire aktuelle aktørar som kunne ha behov for tilgang til ein kontorplass. I vurderinga vart det vist til eit eldre rundskriv H-17/98 om KRD sine standardvedtekter for kraftfond, og med bakgrunn i dette slo dei fast at det var lite av innhaldet i kostnadsoverslaget som kunne reknast som godkjende kostnader. Det vart òg presisert at næringsfondet ikkje kunne nyttast til varig drift, slik at det ikkje var aktuelt å gå inn som leigetakar. Etablerartilskot var heller ikkje aktuelt då dette ikkje var ei nystarta verksemd.

I innstillinga vart det foreslått å gi eit oppstarttilskot på kr 135.000,- til ombygging og utrusting av lokala. Dette svarte til investeringskostnadene som var oppgitt i kostnadsoverslaget i søknaden. Innstillinga vart vedtatt.

Vurdering:

Etablering av eit kontorlandskap/næringsfellesskap er eit tiltak som ligg innafor formålet til næringsfondet om å støtte næringsutvikling. Vedtektene gir derimot ikkje rom for å finansiere kostnadene ved å etablere kontorlandskapet. Dette er peika på i sakshandsaminga, men kommunen vedtok likevel å gi tilskot på 100% av kostnadene. Revisjonen meiner at vedtaket ikkje er i samsvar med vedtektene for bruk av næringsfondet.

Sak F016/2018 Søknad om støtte til CNC fres frå Interfil AS

Interfil AS, som produserer og sel ventilasjonsfilter, søkte om støtte til investering i maskineringscenter. Eit slikt senter ville hjelpe bedrifta med å produsere og vedlikehalde sentralt produksjonsutstyr og unngå stopp i produksjonen mens dei venta på eksterne maskinreparatørar.

I søknaden er det sett opp ein investeringskostnad på kr 1 mill. med finansieringsplan. Det er òg søkt Innovasjon Norge om tilskot på kr 200.000,-.

Bedrifta vart etablert i 1989 og er den største private arbeidsgivaren i Skjåk med 62 tilsette. Dei har tidlegare fått støtte frå Skjåk kommune i 1993, 1994, 1997, 2002, 2010 og 2017. I 2017 fekk dei kr 300.000,- i tilskot til investering i testrigg. Eit nytt tilskot i 2018 ville innebera at maksimalgrensa på kr 350.000,- vart overskride. Administrasjonen meinte at investeringa ville gje stor nytte til Skjåk-samfunnet og for arbeidsplassane ved bedrifta, slik at ein kunne gjera unntak frå maksimalgrensene.

Formannskapet løyvde kr 200.000,- i tilskot til Interfil. Tilskotet skulle sjåast i samanheng med tilskot frå Innovasjon Norge, slik at løyvinga til saman ikkje oversteig 20% av kostnadene.

Vurdering:

Revisjonen finn at søknaden kjem innfor formålet til næringsfondet, men at samla tilskot frå kommunen i 2017 og 2018 er høgare enn maksimalgrensa på kr 350.000,-. Vedtektene gir rom for å fråvike maksimalsatsane dersom tiltaket er ekstra kostnadskrevjande eller gir særleg samfunnsnytte. Revisjonen finn at administrasjonen har vurdert moglegheitene for å gjera unntak frå maksimalsatsane og vurderer at unntaket er i samsvar med vedtektene.

Sak M068/2018 Juventur

Det vart søkt om etablerarstipend for å etablere føretaket Juventur. Føretaket skulle drive med juving i elva Aura i Skjåk. Søkar var student og meinte han kunne jobbe i selskapet i 60-75% stilling. Søknaden inneheldt ingen opplysningar om forretningsplan eller planar for å ta etablerarkurs. Miljø- og næringsutvalet løyvde kr 75.000,- i etableringstilskot.

Vurdering:

Vedtektene som gjeld etablerarstipend krev at det blir lagt fram konkret og realistisk organisasjons- og forretningsplan og etablerarkurs eller liknande som grunnlag for å få utbetalt slik støtte. Søknaden om etableringa av «Juventur» inneheldt ikkje slike opplysningar som vedtektene krev. Revisjonen vurderer at søknaden er mangelfull i følgje krav til etablerarstipend i vedtektene.

Sak M089/2018 Grotli eigedomsselskap

Grotli eigedomsselskap eig og driv alpinanlegg på Grotli. Dei søkte i 2018 om tilskot til fornying av wire på skitrekktet. Dette var naudsynt for å få lov til å drifte anlegget vidare. Kostnadene var berekna til kr 261.000,-. Det er ingen andre alpinanlegg i kommunen og søkar meinte at anlegget er viktig for hotellgjestar, hyttebuarar, og lokalbefolkninga. Dei søkte derfor om 30% av kostnadene. Budsjett og finansieringsplan følgde søknaden. Innovasjon Norge var kontakta, men kunne ikkje støtte denne type tiltak. Selskapet fekk tilskot på kr 186.500,- til etablering av barneskitrekk i 2010.

Miljø- og næringsutvalet vedtok ei løyving på 20% av kostnadene eller kr 52.000,-, mot ei stemme. I saksutgreiinga står det at ein ikkje kan bruke 30%-regelen her, då søkar er ei etablert bedrift innfor eitt næringsområde.

Vurdering:

I følgje vedtektene skal midlar frå næringsfondet ikkje gå til drift i kommune eller bedrift. I denne saka gjeld søknaden støtte til ny wire på skitrekk. Det er eit spørsmål om denne utgifta er vedlikehald eller investering. Kommunen har vurdert at å bytte ut ein wire til kr 260.000,- ikkje er ein ordinær driftskostnad og at ein slik wire heller ikkje er lett omsetteleg driftsutstyr. Revisjonen meiner at kommunen har gjort ei grundig sakshandsaming der dei gjer greie for innstillinga og vi vurderer at vedtaket er i samsvar med vedtektene.

Sak M047/2019 Grotli utvikling AS

Grotli utvikling AS er eit selskap som vart etablert i 2007 og som driv med utvikling og sal av eigedom. Dette inneber planlegging, prosjektering og regulering av areal, samt bygging av infrastruktur. Selskapet søkte om støtte til utvikling av fleire hyttetomter innfor det regulerte området «Grotli

fritidsbustadsområde». Prosjektet var kostnadsrekna til 1,2 mill og det vart søkt om 30% av kostnadene.

I saksutgreiinga står det at hyttemarknaden har vore eit satsingsområde for Skjåk kommune, og at hyttebygging er viktig for Skjåk-samfunnet og har ein klar sysselsettingseffekt. Administrasjonen innstilte på tilskot på kr 350.000,-.

Miljø- og næringsutvalet vurderte søknaden til å ikkje falle inn under næringsfondsvedtektene og søknaden vart avslått på prinsipielt grunnlag.

Vurdering:

Avslaget i miljø- og næringsutvalet er ikkje grunngjeve med anna enn at søknaden ikkje kjem inn under næringsfondsvedtektene. Revisjonen har derfor ikkje grunnlag for å vurdere avslaget.

Dei andre sakene i utvalet vårt:

For dei andre sakene i utvalet er vurderingane lagt inn i tabell 5.7 nedanfor. Sjå tabell 5.6 ovanfor for kva dei ulike sakene gjeld.

Saksnr	Søkar	Løyving	Vurdering
2016			
F066/16	Avverking	57.000	I samsvar med vedtektene om tilskot til avverking
F088/16	Nørdre Risheim	74.000	I samsvar med vedtektene om tilskot til driftsbygning
K120/16	JT Brustugun	350.000	I samsvar med vedtektene om tilskot til bedrift
F110/16	Ola S Ødegård	26.000	I samsvar med vedtektene om tilskot til bedrift
2017			
M021/17	Uppistun Vange	84.000	I samsvar med vedtektene om tilskot til vatningsanlegg
F066/17	Skjåk synssenter AS	188.000	I samsvar med vedtektene om tilskot til bedrift
F077/17	Sygard Marlosøy	118.000	I samsvar med vedtektene om tilskot til driftsbygning
K085/17	Kover AS	278.000	I samsvar med vedtektene om tilskot til bedrift
2018			
M058/18	Skjåk utleigebygg AS	0	Formål ikkje i samsvar med vedtektene om tilskot til bedrift
M076/18	Risheim	44.000	I samsvar med vedtektene om tilskot til nydyrking
2019			
K032/19	Dønfoss eigedom AS	300.000	I samsvar med vedtektene om tilskot til bedrift
M088/19	DNT/ Sota sæter	0	Søknaden kjem ikkje inn under næringsvedtektene

Tabell 5.7. Saker i utvalet som ikkje er kommentert særskilt.

Revisjonen er einig i politikarane sine vurderingar i desse sakene, og finn at alle sakene har fått ei løyving i samsvar med vedtektene.

Med bakgrunn i gjennomgangen av dei sakene som revisjonen har plukka ut, sjå tabell 5.6, vurderer revisjonen at Skjåk kommune sin bruk av næringsfondet til direkte støtte til næringsliv og landbruk, med nokre få unntak, følgjer kommunen sine vedtekter for bruk av næringsfondet.

6. ER UTBETALINGAR I TRÅD MED VEDTAK?

I dette kapitlet ser vi på utbetalinger som er gjort og vurderer om disse er i tråd med dei tilhøyrande løyvingane, samt med andre krav til utbetalinger i vedtektene.

6.1 REVISJONSKRITERIUM

1. *Sluttutbetaling av tilskot skjer fyrst etter at kommunen har motteke attestert sluttrekneskap.*
2. *Sluttutbetalinga skal samsvare med vedteke støttebeløp. For etablerarstipend er utmålingsprofilen 60% fyrste år og 20% andre og tredje år.*
3. *I saker der tilskotet kjem over kr 30.000,- kan tiltakshavar be om ei delutbetaling som er i samsvar med prosentvis fullføringsgrad.*

6.2 DATA

Det kan gå tre år frå den datoen eit tilskot vart løyvd til utbetalinga skjer. Det er derfor ikkje mange løyvingar frå 2017, 2018 og 2019 som faktisk er utbetalt pr 31.12.19. Vi bruker utvalet av tilskotsaker frå kapittel 5.5 som data også i denne problemstillinga. Sjå tabell 6.1 nedanfor. Saker frå 2019 er ikkje tatt med. Tabellen syner om tilskotet er utbetalt eller ikkje, om det er motteke attestert rekneskap, og om utbetalinga er i samsvar med vedteke støttebeløp.

Dei to etablerarstipenda *Helse til fjells* og *Juventur* vart utbetalt med heile løyvinga fyrste året. Revisjonen sjekka også utbetalinga for andre etablerartilskot i perioden og fann at alle fekk utbetalt stipendet i sin heilheit det året løyvinga vart gitt.

Dønfoss eigedom AS bad om delutbetaling av tilskot i samsvar med fullføringsgrad på ca 80%. Kostnadene var bekrefta av rekneskapsfører.

I dei fleste tilfella fråvik den endelege rekneskapen noko frå det opphavlege budsjettet. Utbetalingane fylgjer løyvingane gitt i vedtaka, også når kostnadene vart høgare.

Saksnr	Søkar	Løyving	Rekneskap	Utbetaling	I samsvar med løyving
2016					
K015/16	Glasitt AS	795.000	nei	nei	
F066/16	Avverking	57.000	ja	ja	ja
F088/16	Nørdre Risheim	74.000	ja	Ja	ja
K120/16	JT Brustugun	350.000	nei	nei	
F110/16	Ola S Ødegård	26.000	ja	ja	ja
2017					
M021/17	Uppistun Vange	84.000	nei	nei	
F066/17	Skjåk synssenter AS	188.000	ja	ja	ja
F077/17	Sygard Marlosøy	118.000	nei	nei	
M083/17	Helse til fjells*	100.000		ja	ja
K085/17	Kover AS	278.000	nei	nei	
2018					
F013/18	Bismo Vekst AS	135.000	ja	ja	ja
F016/18	Interfil AS	200.000	nei	nei	
M068/18	Juventur*	75.000		ja	ja
M076/18	Risheim	44.000	nei	nei	
M089/18	Grotli eideomsselskap	52.000	ja	ja	ja
K032/19	Dønfoss Eigedom AS	300.000	ja	delvis	

Tabell 6.1. Utbetalinger for eit utval tilskotsaker.

*Desse sakene gjeld etablerartilskot. Her er det ikkje krav om rekneskap før utbetaling kan skje.

6.3 VURDERINGAR

I dei sakene revisjonen har gjennomgått som ikkje gjeld etablerarstipend er utbetaling av tilskot gjort i samsvar med reglane i vedtektene. Vi finn at sluttutbetaling skjer etter at det er motteke attestert rekneskap, og at utbetalingane er i samsvar med vedteke støttebeløp.

I utvalet fann revisjonen ei sak der det var utbetalt delutbetaling før tiltaket var fullført. Vedtektene gir rom for delutbetaling for løyvingar over 30.000,-. Delutbetalinga vart gjort i samsvar med attesterte kostnader så langt i prosjektet. Revisjonen finn at utbetalinga er gjort i tråd med vedtektene.

Når det gjeld utbetalinger i samband med etablerartilskot seier vedtektene at utmålingsprofilen er 60% fyrste år og 20% andre og tredje år, og at det skal rapporterast på bruken av tilskotet etter tre år. Denne utmålingsprofilen er ikkje nytta i praksis, då alle etablerarstipenda i perioden er utbetalt med 100% fyrste år. Revisjonen meiner at denne praksisen ikkje er i tråd med vedtektene.

Dersom kommunen ønskjer å vera meir fleksibel med omsyn til utbetaling av etablerartilskot bør ein vurdere å endre vedtektene.

7. KONKLUSJONAR OG TILRÅDINGAR

Revisor skal konkludere i forhold til problemstillingane. Konklusjonane er gitt med bakgrunn i vurderingane gjort i kapittel 4, 5 og 6.

Den overordna problemstillinga i denne forvaltningsrevisjonen er;

Er forvaltninga av næringsfondet i Skjåk i tråd med regelverk og kommunale retningslinjer?

Revisjonen meiner svaret på dei tre delproblemstillingane gir tilstrekkeleg konklusjon på den overordna problemstillinga.

Delproblemstilling 1:

Er næringsfondsvedtektene i tråd med overordna regelverk?

Konklusjon:

Skjåk kommune sine vedtekter for næringsfondet er i tråd med overordna regelverk.

Overordna krav til kommunale næringsfond eller kraftfond er gitt i vassdragsreguleringsloven og EØS-regelverket om offentlig støtte. Næringsfondsvedtektene inneheld bindingar for bruken av fondsmidlar i samsvar med loven og EØS-regelverket.

Vedtektene for næringsfondet vart sist endra hausten 2016. Vassdragsreguleringsloven hadde ein omfattande revisjon i 2016/2017, som også omfatta lovgjevinga om kraftfond, der blant anna kravet om offentlege godkjente vedtekter vart oppheva. Dette inneber at dei statlege standardvedtektene ikkje lenger er gyldige, og at Skjåk kommune sine vedtekter ikkje lenger er bunde av desse.

Delproblemstilling 2:

Er bruken av næringsfondet i tråd med formål og vilkår gitt i vedtektene?

Konklusjon:

Skjåk kommune sin bruk av næringsfondet er i stor grad i tråd med formålet gitt i vedtektene. Bruken av næringsfondet er ikkje fullt ut i tråd med alle vilkår gitt i vedtektene. Dette gjeld spesielt vilkåret om å ikkje nytte fondsmidlar til kommunal drift.

Vedtektene seier at næringsfondet i fyrste rekke skal nyttast til næringsformål som kan auke og trygge busetnaden i Skjåk. Den direkte støtta til verksemdar og landbruket ligg innafor formålet, men utgjer berre mellom 20%-30% av den totale bruken av fondsmidlane. Bruken av fondsmidlar som *ikkje* går til direkte løyvingar til verksemdar og landbruk er, etter revisjonen si vurdering, i stor grad nytta til næringsformål. Revisjonen vurderer at nokre løyvingar som gjeld finansiering av kommunale

driftsoppgåver ikkje har eit tydeleg næringsformål. Dette gjeld for eksempel drift og løn av heile landbrukskontoret, og løn til informasjonsmedarbeidar. Vi har også vurdert at nokre løyvingar ikkje ligg innfor formålet, slik som finansiering av utforming av kommuneplan og digitalisering av plankart.

Når det gjeld vilkåret om å ikkje nytte fondsmidlar til kommunal drift, med unntak av løn til næringssjefen, finn revisjonen at kommunen sin praksis ikkje er i tråd med dette. Bruken av fondsmidlar til kommunale driftsoppgåver er ikkje redusert i perioden 2016-2019.

Vidare har revisjonen funne nokre få saker om tilskot til verksemder der vi ser manglar i forhold til krav i vedtektene. Dette gjeld spesielt etablerartilskot.

Delproblemstilling 3:

Er utbetalingar i tråd med vedtak?

Konklusjon:

Utbetalingar som gjeld tilskot frå næringsfondet til verksemder og landbruk er i tråd med løyvingane gitt i dei tilhøyrande vedtaka.

Revisjonen har funne at alle utbetalingane vi har gjennomgått er gjennomført etter at det er motteke attestert rekneskap og med riktig beløp. Når det gjeld etablerartilskot er imidlertid praksis ikkje i tråd med vedtektene. Heile løyvinga blir utbetalt fyrste år, mens vedtektene seier at utmålingsprofilen er 60% fyrste år og 20% andre og tredje år.

Revisjonen sine tilrådingar:

Revisjonen tilrår at kommunen går igjennom vedtektene for næringsfondet sett i lys av endringar i vassdragsreguleringsloven og dei avvika i forhold til vedtektene som denne forvaltningsrevisjonen omtalar.

REFERANSAR

Driftsbudsjett for 2020, Skjåk kommune

EØS-direktiv om offentlig støtte

Kommuneloven

Lov om regulering og kraftutbygging i vassdrag, samt eldre versjonar og forarbeider

Note 30 i Skjåk kommune sin rekneskap for 2016, 2017, 2018 og for 2019 som ikkje var fullstendig

Politiske saker behandla i miljø- og næringsutvalet, formannskapet og kommunestyret i perioden 2016-2019

Regjeringen.no, om statlege tilskotsordningar

Vedtekter for næringsfondet i Skjåk kommune

VEDLEGG 1

HØYRINGSUTTALE FRÅ RÅDMANNEN



Skjåk kommune

INNLANDET REVISJON IKS
Postboks 988
2626 LILLEHAMMER

Vår ref
2020/126/2/U01

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Ivar Bø
ivar.bo@skjaak.kommune.no

Dato
31.01.2020

Kommentarar til rapportutkast - forvaltning av næringsfond

Det vises til utkast til rapport datert 24. januar i år, vedlagt utkast til revisjonsrapport frå forvaltningsrevisjonsprosjektet om næringsfondet i Skjåk.

Innlandet revisjon ber om attendemelding på seks punkt, og eventuelle andre merknadar. Kommunen har følgjande svar på desse punkta:

Pkt 1 har informasjonen om prosjektet sitt føremål og gjennomføring vore god nok?

Innlandet revisjon hadde før oppstart grundig orientering i egne møte om kva prosjektet skulle omhandle og kva som trengtest av opplysningar og dokument. Kommunen var difor godt opplyst om prosjektet.

Pkt 2 kommentarar til prosjektet sin metode, kjelder eller faktaframstilling

Kommunedirektøren har oppfatta det slik at prosjektet har brukt vanleg forvaltningsrevisjonsmetode, med dokumentgjennomgang og intervju, og har ikkje merknader til dette. Kommunedirektøren har ikkje merknad til faktaframstillinga.

Pkt 3 Kommentarar til revisjonskriteria som ligg til grunn for revisjonen sine vurderingar, konklusjonar og tilrådingar

Kommunedirektøren tek desse til etterretning, og vil leggje dei til grunn for endringar i vedtektene for og praktisering av saksbehandlinga av næringsfondet framover.

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096



Pkt 4 Kva er kommunedirektøren si samla vurdering av rapportens vurderingar, konklusjonar og tilrådingar

Rapporten er kritisk til at kommunen brukar ein del av næringsfondet til drift i form av stillingar i landbrukskontoret. Det må understreast at dette har vore gjort gjennom politisk opplyste vedtak kvart år. Det kan forsvarast, som rapporten også til ei viss grad peikar på, at landbruket er ei svært viktig næring i Skjåk, og at det genererer store inntekter til gardbrukarane. Sjølv om ikkje all saksbehandlinga omhandlar produksjonstilskotssøknadar, så vil dei andre sakene som behandlast vere svært viktig for landbruket. Her kan t.d. nemnast næringsfondsaker, frådelingssaker og landbruksfagleg rådgjeving. Dette er saksbehandling som i liten grad blir nytta utanom landbruksnæringa. Å meine at midlar frå næringsfondet bryt med intensjonen i vedtektene blir difor feil.

Noko av det same gjeld for informasjonsmedarbeidarstillinga, som i utgangspunktet var meint å nyttast til omdømskapande verksemd, til beste for næringslivet. At stillinga etter kvart var nytta til andre føremål kan seiast å vere problematisk.

Revisjonsrapporten peikar på konkrete saker der vedtektene enten ikkje er følgde, eller der opplysningane har vore mangelfulle i søknaden. Det som ikkje kjem fram i saka er at kommunen har følgd søkjarane tett gjennom div møte i forkant av søknadane, og difor har hatt rimeleg god kjennskap til tiltaket i forkant av søknaden. Men kommunen ser at det skulle ha vore presisert betre kva opplysningar søkjar skulle ha hatt med i søknaden. Kommunen tek dette til etterretning, og vil sikre dette i framtidige saker.

Pkt 5 I kva grad er rapporten nyttig?

Kommunedirektøren vurderer rapporten som svært nyttig, både i framtidig revisjon av vedtektene og i framtidig praktisering av reglane.

Pkt 6 Oppbygging og språkbruk i rapporten

Kommunedirektøren vurderer at rapporten er lettest, og at både oppbygging og språk er bra. Kommunedirektøren har merka seg at rapporten konkluderer med at kommune sine vedtekter er i samsvar med overordna regelverk. Vidare er utbetaling av tilskot i samsvar med tilhøyrande vedtak. Det viktigaste budskapet til rapporten er at kommunen må gjere eit arbeid, slik at bruk av næringsfondet er samsvar med vedtektene. Både bruken av næringsmidlar i drift og avgrensingar i vedtektene bør vurderast samla.

Med helsing

Ivar Bø
Kommunedirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

VEDLEGG 2 SPESIFIKASJON AV LØYVINGAR I KATEGORAR

Løyvingar	2016	2017	2018	2019
Finansiering av kommunal drift	3 194 000	2 763 000	3 383 000	3 171 000
Festekontraktar	60 000	60 000	35 000	30 000
Løn til næringssjef	1 107 000	1 113 000	1 135 000	1 296 000
Løn landbrukskontor	1 429 000	730 000	1 510 000	1 375 000
Løn informasjonsmedarbeidar	578 000	602 000	603 000	
Løn aktivitetskoordinator				370 000
Støttemedlemsskap Norsk landbruksrådgeving*		108 000		
Tilskot til utforming av kommuneplan m.m		150 000		
Drift turistinformasjon			100 000	
Gåveartiklar og profileringsmateriell				100 000
Støtte til prosesskostnader høgsterett LVK	20 000			
Støtte til drift av regionale verksemdar/tiltak	640 000	700 000	775 000	750 000
Overføring til regionkontor	390 000	400 000	400 000	400 000
Støtte til drift av Nasjonalparkriket reiseliv	250 000	250 000	300 000	300 000
Støtte til løn skogbruksplanpådrivar*		50 000		50 000
Støtte til drift Skåppå kunnskapspark*			75 000	
Grunnlagsinvesteringar	1 460 000	300 000	0	350 000
Industriområde	1 460 000			
Støtte til Gode vegar AS		300 000		
Dyringsbru forprosjekt				350 000
Kommunalt tiltaksarbeid	100 000	350 000	190 000	292 103
Sommarjobbprosjektet	100 000	190 000	190 000	190 000
Konferanse Skjåk i ver`n		50 000		
Etablerarkurs		60 000		17 878
Kurs norsk landbruksrådgeving				36 000
Støtte til forprosjekt produksjon av massivtre		50 000		
Støtte til mobiliseringsprosjekt i landbruket				48 225
Tilskot til lokale arrangement/kultur og idrett	435 000	443 000	184 000	81 000
Ståk i Skjåk	96 000	99 000	99 000	
Hausttakk	74 000	94 000	85 000	
Landsfestival i gamaldans		200 000		
Skjåk turløyper	140 000			
Aslaug Høydal 100 år	80 000			
Bygdebok	45 000			
Sykkelprosjektet Nasjonalparkriket		50 000		
Vatningsanlegg motorcrossbane				81 000

Ekstraordinære tiltak, flaum og ras	0	0	3 000 000	570 000
Opprydding flaum			3 000 000	
Masselagring flaum				200 000
Vasslineberekning Bismo				230 000
Skredfare Bosmeberget				140 000
Tilskot til verksemdar/landbruket	2 908 000	2 059 000	1 734 720	1 277 220
Sum	8 737 000	6 615 000	9 266 720	6 491 323

*Desse løyvingane gjeld årlege tilskot som er løyvd for fleire år om gongen.